

25.04.2023

Naturverdiar og biologisk mangfald i Aurland kommune

Utgreiing i samband med revisjon av
kommuneplanens arealdel for Aurland
kommune 2024-2034



Aurland kommune
-det naturlege valet

Innhald

Innleiing	4
Samandrag.....	6
Aurland, eit vestnorsk fjordlandskap og ein del av verdsarven	7
Landformer, geologi og kvartærgeologi.....	7
Klima og klimaendringar.....	10
Natur mellom fjell og fjord	11
Fjellnaturen	11
Breområda.....	11
Snaufjellet.....	12
Fjellvegetasjonen.....	13
Fjellsidene ned mot fjorden	13
DN 13-kartlegging av naturtyper.....	13
DN-13 handbok: Nærøyfjorden og Nærøydalen	14
Natur i Norge (NIN)-kartlegging i området Knoken-Skalmernes i Nærøyfjorden	16
DN 13-handbok: Skjerdal-Aurlandsvangen-Aurlandsdalen.....	20
DN 13-handbok: Norddalen	21
Oppe på fjellet i Norddalen, er det registrert eit stort, kalkrikt område av lokal verdi.	21
DN 13 handbok: Aurlandsfjella.....	21
DN 13-handbok: Flåm og Flåmsdalen	21
DN 13-handbok: Øvst i Flåmsdalen med Vindedalen.....	23
Oppsummering om kartleggingar	23
Artsmangfald	24
Verdsarvområde og vern.....	26
Kulturlandskapet	27
Vatn og vassdrag	28
Verneplan for vassdrag.....	28
Bruksinteresser ved vassdrag.....	31
Utfordringar for vassmiljø og organismar i vatn	32
Fjordane	32
Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden	34
Bruksinteresser og miljøpåverknad.....	36
Landskap mellom sjø og land	37
Verneomfang og restriksjonar for marint vern	38
Fugl	38
Sjøfugl.....	39

Landpattedyr	39
Villrein	39
Hjort.....	40
Elg	41
Rådyr.....	41
Jerv	41
Ulv og bjørn	41
Mindre pattedyr	42
Sjøpattedyr	42
Steinkobbe.....	42
Nise.....	42
Spekkhoggar	43
Fisk.....	43
Anadrome laksefisk	43
Fiskeartar i fjordane	44
Insekt og edderkoppdyr	45
Stor bloddråpesvermar (EN).....	45
Tiriltungesmalmott (NT)	45
Vanleg smådøgnfluge (LC).....	45
Vedlegg 1.....	46
Vedlegg 2	47
Vedlegg 3.....	48
Vedlegg 3 forts.	49
Vedlegg 4 Planter, moser og lav (Artsdatabanken).....	50
Vedlegg 5 Pattedyr i Aurland (Artsdatabanken)	77
Vedlegg 6 Fisk i fjord og vassdrag i Aurland (Artsdatabanken)	78
Vedlegg 7 Insekt og edderkoppdyr i Aurland (Artsdatabanken).....	79
Bibliografi	81

Innleiing

Denne utgreiinga om naturverdiar og biologisk mangfald i Aurland kommune er utarbeidd i samband med revisjon av kommuneplanen. Dei siste åra, fram til 2022, har kommunen arbeidd med samfunnsdelen ¹, og arealdelen vart så starta opp. Gjeldande arealdel er frå 2009.

I kommuneplanens samfunnsdel er utfordringar for berekraft og særskilt naturmiljø, skildra slik:

«Aurland er ein reiselivskommune med mange besøkande årleg. Berekraft for dette samfunnet vil vera det å balansera behov for økonomisk soliditet i verksemdene i området, tolegrensa for bruk av den internasjonalt verdsette naturen, og sosiale omsyn for innbyggjarane og dei besøkande. Å kutte klimagassutslepp frå transport på sjø og land vil vera ei hovudutfordring. Dessutan å nytta areala effektivt og å ta omsyn til naturmangfaldet for framtida»

Arealdelen er eit overordna styringsdokument for all arealbruk i kommunen. Den skal følgje opp samfunnsdelen og vere styrande for alle planar og tiltak etter plan- og bygningslova i kommunen. Arealdelen skal omfatte eit plankart som syner heile kommunen, tilhøyrande føresegner og retningslinjer, og ei planskildring med konsekvensutgreiing. Den skal syne dei overordna utviklingstrekk, og skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Samstundes skal den gje konkrete rammar og føringar for kommande planar og handsaming av enkeltsaker.

Viktig for arbeidet med naturmangfald er overordna arealstrategiar vedteke i samfunnsdelen, som vil verte førande for vidare utarbeiding av arealdelen¹:

1. Klima og miljø skal vere førande for ny arealbruk
2. Arealdelen skal ta utgangspunkt i arealrekneskap for naturtypar, landbruksjord og utbygd areal
3. Arealbruken skal bidra til god folkehelse
4. All arealbruk i Aurland kommune skal ta utgangspunkt i fortetting og transformasjon
5. Aurland kommune skal vere grobotn for sirkulær økonomi og framvekst av nye, grønne næringar
6. Sentrumsområda i Aurland kommune skal vere attraktive, opne og tilgjengelege
7. Det skal vere balanse mellom besøk, næring og innbyggjarane sine behov

I utarbeidinga av arealdelen vil det kome forslag til ny arealbruk og endra arealbruk, som i tråd med plan- og bygningslova skal konsekvensutgreiast. Det betyr at det skal gjerast ei særskilt skildring og vurdering av planens verknadar for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast etter forskrift om konsekvensutgreiingar og rettleiar for konsekvensutgreiingar til kommuneplanens arealdel T-1493, og skal avgrensast til dei tema som er viktige for å ta stilling til dei aktuelle forslaga.

For arealdelen vil det vere behov for ei overordna vurdering av konsekvensar, basert på eksisterande kunnskap. Det skal gjerast konsekvensutgreiing av enkeltforslag og den samla verknaden av alle forslaga, inkludert alternativa som er med i planforslaget. Dette skal vere vurdert og skildra når planforslaget vert lagt ut på høyring.

Nye og vesentleg endra område avsett til utbyggingsføremål, skal konsekvensutgreiast etter fleire tema. Denne utgreiinga er eit grunnlag for dette arbeidet, og omhandlar naturverdiar og biologisk

¹ Samfunnsdelen til kommuneplanen var ute på høyring i perioden 27.juni til 5.sept 22. Planen vart politisk handsama med endeleg vedtak 3. november 2022.

mangfald. Utgreiinga tek utgangspunkt i eksisterande kjelder. Behov for meir kartlegging og kunnskap er og omhandla.

Det er ei rekke lovar som dekkjer ulike delar av forvaltning av naturområde og artar. Av dei mest aktuelle å nemna er Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova).

I arbeidet med kommuneplanens arealdel og oppfølging av den, er det fleire verktøy ein kan nytta i fysisk planlegging, slik som detaljregulering eller ved den praksis ein har i handsaming av dispensasjonar. Aktuelle rammer som FNs berekraftmål, nasjonale, regionale og lokale rammer, verktøy i planarbeid og forvaltningspraksis er ikkje omhandla i denne utgreiinga. Desse emna vil vera viktige om kommunen set i gang arbeid med ein eigen plan for naturmangfald. I denne utgreiinga er naturmangfaldet sjølv tema.

Samandrag

Naturgrunnlaget i Aurland er prega av eit storslått og dramatisk fjordlandskap med stor variasjon i høgde over havet, geologi, landskap, klimatilhøve og naturmangfald. Dei høgaste toppane har kontinuerleg isdekke, med vidder som endar i bratte fjellsider ned mot milde område ved fjorden. Dalsidene fortsett vidare nedover i verdas djupaste fjord. Områda er verdsett som verdsarvområde og ved eigne verneplanar i ulike område. Fjordane er no gjenstand for ein verneplanprosess med ei konsekvensutgreiing, der det er håp om få finna ut enno meir om naturmangfaldet i kommunen.

Verneområde er oftast naturreservat, med Nordheimsdalen med skogvern, Geitanosi med skogsområde, Grånosmyrane med fjell- og våtmarksområde og Bleia-Storebotn eit samanhengjande kontrastrikt område frå fjell til fjord. Nærøyfjorden landskapsvernområde er eit eigenarta landskap frå fjell til fjord med kulturlandskap og landbruksdrift. Eit eldre vern er eitt einskild tre, bleiklindi, ved Nærøyfjorden.

Det er gjennomført kartleggingar av naturtypar i einskilde område i kommunen, DN-13, der nesten halvparten er knytt til kulturlandskap. Totalt sett er det registrert 21 lokalitetar i kategorien svært viktig og 35 i kategorien viktig. Det er berre eitt område i Aurland som er kartlagt med metodikken Natur i Norge (NiN). Det er ein del eldre kartleggingar som gjerne kunne vore gjentatt. Det er kartlagt område der det er vurdert å vera meir å finna ved å sjå på større område eller gjera grundigare kartlegging. Generelt kan det vera behov meir kartlegging av naturtypar i kommunen.

Oversiktskartet over observerte artar i Aurland, viser at det er registrert mykje i dalføra, medan det i fjellsidene og i fjellområda er mykje mindre observasjonar. Det er observasjonar av både kritisk trua artar (CR), sterkt trua artar (EN), sårbare artar (VU) og nært trua artar (NT), samt framande artar, alle med sine særsegne krav til leveområde. Det er behov for meir lokalkunnskap om kvar raudlista art.

Utfordringar for vidare omsyn til natur- og artsmangfald som har kome fram i utgreiingsarbeidet, er i stor grad knytt til dei tema som er skildra i kommuneplanens samfunnsdel. Noko handlar om effektane av klimaendringar, men særleg endringar i – og konsekvensar av menneskeleg aktivitet. Det er i stor grad naudsynt at ein i vidare samfunns- og arealplanlegging utviklar grundig kunnskap om naturgrunnlaget og ha stor merksemd omkring korleis berekraftig sameksistens for alle livsformer skal kunne utformast.

- Klimaendringar endrar livsvilkåra for villreinen, som i tillegg har behov for store areal med lite menneskeleg påverknad og aktivitet.
- Områda for busetnad og næringsverksemd er ofte ved elveosen ned mot fjorden. Desse områda samsvarar gjerne og med område der naturmangfaldet gjerne er rikt får naturen si side. Difor er det naudsynt å ha merksemd rundt livsmiljø og naturmangfald og i desse områda.
- Kunnskapsbasert avgrensing av byggeaktivitet som går utover naturområde er naudsynt – kan hende og restaurering eller utvikling av omsyn for natur og leveområde som er øydelagd.
- Mangfald i naturtypar og artar knytt til kulturlandskapet er avhengig av aktiv drift, og formast av husdyr på beite, slått og anna aktivitet. Ved redusert eller endra drift, vert det behov for skjøtselstiltak.
- Regulerer ferdsle til fordel for natur – og artsmangfald og med sosiale omsyn for alle.
- Hindra forureining, slik som utslepp til luft og vatn, som utslepp av klimagassar og andre utslepp til luft og næringstilførsle eller varmare ferskvatn til vassdrag og fjordar.

Eit samla uttrykk for naturmangfaldet i Aurland er: variert og rikt.

Aurland, eit vestnorsk fjordlandskap og ein del av verdsarven

Det totale arealet, med land og vatn, er på 1468 km², kor 1,41 km² er dekkja av vegar og 0,36 km² er dekkja av bygg. Naturverdiane i Aurland er stor grad skapt som følgje av kraftige geologiske prosessar over fleire istider. Landskapet er unikt i verda.

Verdsarvlista – World Heritage List – vart etablert av UNESCO i 1972 (FN-organisasjon for utdanning, vitskap og kommunikasjon), som avgjer kva for område eller objekt som har eineståande universell verdi. Lista har som mål å verna om kultur- og naturarven i verda. For å koma inn på lista, må ein stad oppfylle minst eitt av ti kriterium. Verdsarvkonvensjonen er underskriven av 194 land, kalla «Konvensjonen for vern av verdas kultur- og naturarv», og vart vedteken i 1972, etter at kulturminne og naturområde i aukande grad hadde vore utsette for press frå krigar, naturkatastrofar, forureining, turisme – eller berre ganske enkelt forfall (Vestnorsk fjordlandskap, 2023). UNESCO arbeider for at verdsarvlista skal vere mest mogleg representativ.

Etter Bryggen i Bergen (1979), kom fleire stader og objekt i Noreg med, med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden 14. juli 2005, som det fyste området i Noreg med grunnlag i naturarven, totalt 1227 km² der 107 km² er sjøareal til saman, med omgjevnader (Norges verdensarv, 2023)

Landformer, geologi og kvartærgeologi

Fjordar er av dei mest dramatiske og spektakulære landskapa på jorda. Dei er avgrensa til område der det har vore isdekke gjennom fleire istider, der isen tidvis har vunne terreng og sidan trekt seg tilbake, mange gonger. Dei er vanleg å finna langs kysten av Noreg, Grønland, Island, Alaska, British Colombia, Chile, Antarktis og New Zealand. Dei har ei typisk utforming ved å vera lange, tronge og djupe, med bratte fjellsider. Ofte har dei greiner eller kan og vera rette, der vatnet har vorte drenert, og der brear i ettertid har følgd større sprekkesonar. Dei trongaste fjordane er generelt grove ut av hardt og krystallinsk fjell, medan mjukare fjellmassar har gjeve breiare basseng og slakare fjellsider. Der brearmar har møttest, har erosjonen vore større og det er grove djupare basseng. Etter at breane har trekt seg tilbake, heva landområda seg (Miljøverndepartementet, 2004).

Landskapet har vorte forma og grove ut, så ein ser tagga fjellformar og fjordar. Vanleg er og at breane har grove ut fjellbotn langt under havnivå, med fjelltersklar eller tersklar laga av store massar i enden av brearmene, kalla endemorene. Sjølv om isdekka ser ut som harde flater, er brear plastiske og kan skure av materiale frå fjellet og flytta stein og massar over lange avstandar. Graden av erosjon er avhengig av kor tjukt isdekket har vore, eigenskapar i fjellbotnen, spenningar, og avstand frå sentrum av isdekket.

Nærøyfjorden (17 km lang) og Aurlandsfjorden (28 km lang) er sidegreiner i den inste delen av den 200 km lange Sognefjorden, med største djupn på 1308 meter. Fjella rundt Nærøyfjorden og delar av Aurlandsfjorden går opp mot 900-1200 meter, og djupna i fjordane går mot 300-400 meter. Det er smalast ved Bakka, berre 250 meter. Maksimalt relieff frå fjell til fjordbotnen er opp mot 2000 meter. Til samanlikning har Grand Canyon eit maksimalt relieff på 1600 meter, og er mykje breiare.

I Aurlandsfjorden, ved Aurlandsvangen, går dalføret slakt oppover til Vassbygdi og vidare mot fjella over til Hallingdal. Inst i Aurlandsfjorden ligg Flåm, der dalføret fortsett opp mot Myrdal. Begge desse dalføra har område med fylitt i berggrunnen, der det stadvis kan vera grunnlag for meir næringskrevjande vekstar.

Inst i Nærøyfjorden fortsett dalføret innover land i Nærøydalen, der fjellsidene er dekket av materiale fra snø- og steinskred. Dalen fortsett opp til vasskilet ved Stalheim (Opheim). Elva i dalbotnen har lagt i frå seg massar på sidene, vatnet er klart, og ein kan sjå stein frå lokal kvitt anortositt. Elve-terassane langsmed er dyrka. Gardane i området er sårbare for skred og vind, til tider.

Underdal er ein smal, U-forma dal med ei sideelv til Aurlandsfjorden. Dalen er prega av rasmateriale, men ytst finn ein materiale frå tidlegare breen (Miljøverndepartementet, 2004).

Landskapet i Aurland er og danna ut i frå dei geologiske førekommene i området. Nokre bergartar er mjuke og let seg forma og andre harde og forvitrar seint.

Geologisk kart, NGU: Hovudbergartar er fordelt omtrent diagonalt over kommunen sitt areal.


Nokre fargekodar for hovudbergartar i nord og vest:

Lilla farge: Ortopyrosengneis (437)
 Brun farge: Gabbro (113)
 Gamalrosa farge: Anortositt (143)
 Lys gammalrosa i nord-aust: Monzonitt (108)
 Lys brun farge: Amfibolitt (452)

Nokre fargekodar for hovudbergartar i aust og sør:

Kvit farge: Granittisk gneis (430)
 Grøn farge: Fyllitt (402)
 Rosa farge: Granitt (102)
 Raudoransje: Charnokitt (140)
 Gult i sør-aust: Kvartsitt (423)

Geologi:



Kjelde: NGU

Gneis og granitt: Ein granitt er ein bergart som har trengt opp frå djupet som ein smeltemasse og størkna. Den inneheld minerala kvarts, kalifeltspat, har ofte raud farge, og palioklas (har ofte kvit farge). Den siste er ein feltspatvariant som inneheld natrium og kalsium. I tillegg har granitt nokre mørke mineralar som biotitt (glimmer) og hornblende.

Når ein granitt vert utsett for tektoniske krefter i jordskorpa, til dømes fjellkjedefoldingar, vert den omdanna til gneis. Gneisen har då granittisk samansetting, men på grunn av deformasjonen, vert den banda og slira og får mange lyse årar av feltspat. Gneis kan og ha anna samansetning.

Gabbro er ein av dei ein kallar magmatiske bergartar. Magma er smelta materiale frå jordas indre som vert til ein bergart når det størknar. Gabbro er ein djupbergart, med innhald av kalsium og plagioklas (Norske universiteter. Store norske leksikon, 2022).

Charnockitt er hyperstenførande granitt. Hypersten er eit grønsvar eller svartbrunt mineral som høyrer til pyroksener.

Anortositt er ein bergart danna av magma, og inneheld i hovudsak plagioklas. Bergarten er lys grå til gråbrun. Den kan verta meir kvit, om plagioklasen er omdanna med vatn til stades. Anortositten er grunnlaget for gruveverksemda i Gudvangen.


Monzonitt er, som granitt, omdanna av smelta berg som størknar djupt under jordoverflata.

Amfibolitt vert danna frå basiske bergartar som gabbro, basalt og kalkrike sediment eller kalkstein.

Fylitt er ein bergart som har kome fram ved omdanning av leirskifer. Fylitt inneheld i hovudsak muskovitt, kloritt og kvarts. Bergarten skil seg frå leirskifer ved fløyelsaktig glans og er seigare. Fylitt nyttast mellom anna til takskifer når den er skifrig. Slike bergartar gjev og næringsriktig grunnlag for vegetasjonen over.

Kvartsitt er ein fast og hard bergart som kjem frå omdanning av sandstein. Bergarten er ofte kvit, grå eller raudleg. Kvartsittar forvitrar langsam, og står ofte fram i landskapet, til dømes som åsar.

Lausmassar:



(Norges geologiske undersøkelser, 2022)

Lausmassane som ein finn over dei geologiske førekomstane av ulike bergartar, stammer i stor grad tilbake frå prosessane knytt til istider, nedsmelting og vatn, men og skredaktivitet. Lausmassekart over viser ulike førekomstar i Aurland.

Marin grense er maksimal grense for havnivået etter siste istid. Av di kan det vera leire i massane i landskapet i Aurland.

Klima og klimaendringar

Klimaet i Sognefjordområdet varierer svært mykje frå ytst til inst. Fjordane i Aurland har eit innlandsklima, der det er varmt om sumaren og kaldare om vinteren enn ute ved havet. Store delar av kommunen ligg i regnskugge og er eit av dei turraste områda i landet, med noko lokal variasjon. Det er lite nedbør om vinteren og dalføra er nokså snøfattig. Området er knytt til Sognefjorden og Golfstraumen. Det gjer at vintertemperaturen ikkje vert særst låg. Dei tronge dalane gjev stundom derimot høgare sumar-temperaturar. Vinden fyller dalen, med trekk oppover dalføra om sumaren. Det er svært varierande solinnstråling, og sola er borte nokre stader om vinteren. Det kan vera store variasjonar i klimatiske tilhøve over korte avstandar.

Hendingar som fører med seg naturskade, gjer omgrepet «fysisk klimarisiko» godt kjent i Aurland. Klimaprofilar samanliknar klimaet i år 2071—2100 med tida mellom 1971 – 2000, og viser endringar som er i gang. Klimaprofil for Sogn og Fjordane viser, mellom anna, vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, fleire og større regnflaumar. Dessutan auka fare som følgje av auka nedbørsmengd (7-23 % i åra framover) og på grunn av havnivåstigning er det venta auke i nivåa av stormflo.

Opptak av CO₂ i skog er eitt av dei områda ein kan satsa på for å ta meir klimagassar ut av lufta. Tal frå Landskogstakseringa viser korleis skogen i Aurland er samansett, i daa. Skogbonitet er eit mål for arealet sin evne til å produsera trevirke. Den er delt i kategoriane særst høg, høg, middels og låg, samt

impediment (ikkje produktivt areal). Inndelinga er i kategoriane kubikkmeter (m3) tilvekst per dekar per år. Skogtaksering skjer ikkje ofte, så desse tala er av noko eldre dato.

Bonitet	Barskog, daa	Blandingsskog, daa	Lauvskog, daa	Totalt, daa
S (meir enn 1 m3 per daa per år)	561	98	10339	10999
H (0,5-1 m3 daa/år)	3941	925	41488	46354
L (0,1-0,3 m3daa/år)	1316	290	5	1611
Totalt	5818	1313	51832	58964

Ung skog i vekst tek opp mykje CO₂. Eldre som ikkje tek opp så mykje CO₂, kan likevel fungera som karbonlager. Dei beste karbonlagra er å finna i skogsjorda og til dømes i myr. Desse områda er såleis viktig å få kartlagt.

Natur mellom fjell og fjord

Alt som veks og lev i aurlandsnaturen kan knytast til kvalitetar ved landskapet, geologien, lausmassane og dei klimatiske vilkåra. Det finst område med basiske og kalkhaldige bergartar, som til dømes, gjev gode vekstvilkår i fjellet og ned mot fjorden. Det er og store variasjonar kva ein finn av livsformer på høgfjellet, som går opp til 1809 meter over havet på Blåskavlen, til ein kjem ned til fjorden. Det finst både kontinental og oseanisk prega vegetasjon. Slik er arealet fordelt i kvadratkilometer:

Areal	Areal
Jordbruksareal	10,13
Skog	209,31
Åpen fastmark	775,64
Våtmark	7,51
Bart fjell, grus- og blokkmark	350,76
Varig snø, is og bre	11,68
Ferskvann	97,43
Uklassifisert ubebygde område	0

Kilde: Arealbruk og arealressurser, Statistisk sentralbyrå

Av det totale arealet er talet på 1467,69 kvadratkilometer med skog på 209,31, ope fastmark på 775,64, bart fjell og blokkmark 350,76, varig snø og is 11,68, ferskvatn 97,43, våtmark 7,51 og jordbruk 10,13. Resten er uspesifiserte område.

Fjellnaturen

Samanlagt ligg store delar av arealet i Aurland over 1000 moh. Dei små områda av varig snø og is, og store delar av bart fjell og blokkmark og ope fastmark, er å finna i fjellområda.

Breområda

11,68 kvadratkilometer arealet er varig is, snø og bre. I Aurlandsfjella, sør-vest for Aurlandsdalen, ligg området Skarvheimen. «Skarvane» er geologiske skyvedekkplatå som ligg over fylitt. På Vargabreplatået er høgaste nivå på 1766 moh, Alvsnosi på 1708, med fleir. Mellom platåa ligg det

fleire høgtliggjande innsjøar i nivået mellom 1400 og 1500 moh. Under feltarbeid og målingar i området vart utført i 1988 og i 1989, vart Storskavlen og Svartavassbreen oppmålt, slik at breoverflatane sine endringar sidan førre kartlegging i 1969 kunne reknast ut. I NGO fann ein fotografi av breane frå 1941.

Våren 1989, 1991 og 1992 var det snøtakseringar på nokre brear og i 1995 bakkefotografering. Funna var at etter 1941 har Storskavlen og Vargabreen minka betydeleg i areal og høgde., men Svartavassbreen og Alvsnosibreen har endra seg lite. I snørike vintre med mykje vestavind (1989 og 1992) låg det mykje meir snø på Svartavassbreen enn på Storskavlen, samanlikna med den rolegare vinteren 1991. Potensialet for tilførsle av vinddrive snø frå terrenget rundt, er større på Svartavassbreen og Alvsnosibreen enn på Storskavlen og kan hende Vargabreen. Brefrontane til Alvsnosibreen og Svartavassbreen vore påverka lite merkbart av vasstandsvariasjonar i magasinene. Kraftprodusenten E-Co Vasskraft følgde utviklinga av breane fotograferingar på same punkt som tidlegare, og feltarbeid i 2006, 2014 og 2020. Når ein såg på Alvsnosibreen var eit par mindre fjellknausar synlege, som ikkje var synleg i 2006, men i 2020 var dei dekkja av snø igjen. Frå 1941 til 2020 har Alvsnosibreen i netto ikkje endra seg i utstrekning, og har vorte litt tjukkare. Det same for Svartavassbreen. Vargabreen vart nesten borte mellom 1941-2006, med reduksjon på 80-90 %. I Breatlas frå 2012 var det registrert 32 breeiningar (NVE, 2022). I breområda, og område som er dekt med snø og is store delar av sumaren, er det lite vekstar.

Snaufjellet

Snaufjellet over tregrensa er villreinen sitt rike. Villreinen har Noreg eit særskilt ansvar for, av di me har dei siste villrein fjella att i Europa. Villreinen kom i 2021 inn på raudlista over trua artar (NT).

Villreinen lev i flokk og har ein levealder på inntil 18 år. Den har eit nomadisk levesett og vandrar over større område mellom ulike årstidsbeiter. Utbreiing er i delar av Europa, Asia, Nord-Amerika, Svalbard og Grønland. I Noreg er villreinen å finna berre i fjellområda frå Sør-Trøndelag og sørover. Om vinteren er 40-80 % av maten lav frå bakken og frå tre. Resten er turt gras, urter og buskvekstar. Om sumaren et reinen urter, gras, dvergbusker og noko lav (Norsk villreinsenter, 2022).

I Noreg er det 24 forvaltningseiningar for villrein, der 3 av dei er representert i Aurland. Det er nummer 10, Fjellheimen, nummer 11, Nordfjella, og nummer 24 Raudafjell. Nummer 7, Hardangervidda, ligg inntil kommunegrensa og er så vidt representert i Aurland rundt Broksfjellet. Villreinens leveområde i Noreg er under aukande press som følgje av samfunnets arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda.

Skrantesjuke (Chronic Wasting Disease, CWD) vart påvist på rein i Nordfjella i 2016 og i 2017 på hjort. Dette er ein såkalla prionsjukdom som i fleire tiår ha vore kjend hjå hjortedyr i Nord-Amerika. Kjenneteikn på sjukdomen er gradvis tap av nerveceller i hjernen, nevrologiske symptom og avmagring, og det endar alltid med at dyret dør. Landbruks- og matdepartementet vedtok å ta ut heile stammen og leggja området brakk i 5 år etterpå (Aurland kommune, Hemsedal kommune, Hol kommune, Lærdal kommune, Ulvik herad og Ål kommune, 2021). Reetablering har vore drøfta og ein har stilt spørsmål om når området er «friskmeldt», kor reinen skal hentast frå med omsyn til smitte og bevaringsbiologi, dyrevelferd ved flytting av rein, med vidare. Frå 2021 var villreinen ein raudlista art.

Fjellvegetasjonen

Med utgangspunkt i registreringane i Miljødirektoratet sin naturbase, under DN-Håndbok 13, er 9 område registrert som kalkrike område i fjellet. Dei er alle under kategorien «lokalt viktig». Det er Seltuft-Klevanosi, Gudmedalen, Vestredal-Kongshelleren, Høgsete-Hovdungen, Vestredalen, Norddalen, Vidmesnosi, Stemmerdalen og Vindedalen. Områda er kartfesta i naturbase. Nokre av dei består av svært gamle registreringar, og ein bør vurdere dei på nytt.

Fjellsidene ned mot fjorden

Fjellsidene ned mot fjorden er bratte, der dei tippar utfor høgt oppe over dalbotnen, og bidreg med mangfaldige små og store fossejuv med fossar, skredområde, skredvifter og frodige bakkar ned mot fjorden. I einskilde område er fjellsidene nærare fjorden dekt med edellauvskog, og det finst særst frodige område skjerma frå vind og ver. Nede i dalbotnen og langs fjordane, er det landbruksverksemd som gjev eit variert kulturlandskap med gardstun, slåttemarkar, innmarks- og utmarksbeite.

DN 13-kartlegging av naturtyper

Ein naturtype er ein einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller særskilde typer naturførekomstar som dammar, åkerholmer eller liknande, samt spesielle typer geologiske førekomstar. Frå 1999 vart dei kartlagd etter ein fast metodikk laga av Direktoratet for naturforvaltning.


Det var eit politisk mål at alle landets kommunar skulle gjennomføre kartlegging og verdsetting av viktige område for biologisk mangfald på sine areal allereie i St. meld 58, 1996-1997 Miljøvernpolitikk for ei berekraftig utvikling. Kartlegginga var planlagt å omfatta naturtypar, vilt, raudlisteartar, ferskvasslokalitetar og marint biologisk mangfald. DN-handbok 13 inneheld 56 naturtypar til kartlegging (Direktoratet for naturforvaltning, 2006).

Kategoriane ein nyttar om registreringane i DN 13 er Lokalt viktig, viktig og svært viktig. Dessutan er raudlista naturtyper eller artar merka i skildringane i Miljødirektoratet sin naturbase:

- RE: Regionalt utdødd
- CR: Kritisk trua
- EN: Sterkt trua
- VU: Sårbar
- NT: Nært trua
- DD: Datamangel

Det er per 2022 er det totalt 116 registreringar og stort sett små areal som er kartlagde i Aurland. Av desse er 59 lokalitetar knytt til kulturlandskap. Nokre av kartleggingane er gamle eller lokalitetane mangelfullt undersøkt, og det kan vera behov for ny vurdering av mange av dei.

DN-13-handbok, kartlagde område i grøn farge og skravur:



Kjelde: (Roald, 2003)

Kartleggingar gjennomført under DN-handbok 13 er skildra med grønne felt og punkt i kartet over. Det er merka av område i ulike fargar, der registreringane i kvart felt vert omhandla nedanfor. For kvart område er andre kartleggingar i det same området og omhandla.

DN-13 handbok: Nærøyfjorden og Nærøydalen

Det er registrert 16 lokalitetar i naturbase. Av desse er 9 verdsett som lokalt viktige, ein som viktig og 6 som svært viktige. Rik edellauvskog er naturtypen som dominerer i registreringane.

DN 13: Naturtypar i området merka med mørk blå strek i kartet ovafor, Nærøyfjorden

Reg.	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Vestsida av Nærøyfjorden og Nærøydalen frå ytst i fjorden, innover dalen.			
2019	Fleire små område rundt Jeiskali og ved Heimstali, opp i vest frå Dyrdal.	Slåttemark	Viktig
2002	Nærnes: ytst på vestsida av Nærøyfjorden.	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Skomakergrøvi	Rik edellauvskog	Lokalt viktig

1983	Sagelvi vest	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Breiskredneset	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Kjødnes	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Næreøydalen vest, Hemri	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
Austsida av Nærøyfjorden og Nærøydalen frå ytst i fjorden, innover dalen.			
2001	Morki, ytst i fjorden	Rik edellauvskog	Svært viktig
2018	Kappadalsviki	Rik edellauvskog	Svært viktig
2018	Kappadalsgrovi	Bekkekløft og bergvegg	Svært viktig
2018	Vangsen	Gamal boreal lauvskog	Svært viktig
2018	Geitåna foss	Fossesprøytsone	Svært viktig
2018	Solaløysa, to område	Rik edellauvskog	Svært viktig
2002	Nyuri (Sjå og under NIN)	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Holmaskorane (Sjå og under NIN)	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2009	Kjelfossen ved Gudvangen	Bekkekløft og bergvegg	Lokalt viktig

Nedst langs Nærøyfjorden er det kartlagt mange lokalitetar av rik edellauvskog som er lokalt (8) eller svært viktig (3), Morki, Kappadalsviki og Solaløysna. Det er og tre andre naturtyper som har verdien svært viktig. Kappadalsgrovi som er ei bekkeløft og bergvegg, Vangsen der det er ein gamal boreal lauvskog og Geitåna foss, der det er ei fossesprøytsone.

Kategorien «svært viktig»:

Morki: Lokaliteten er ein alm-lindeskog som står oppført som mangelfullt skildra. Verdien er sett til svært viktig på grunn av at ein har funne huldregas. Dessutan signalartar som galleteppepose, skjerfpose, krusfellpose, rustkjuke, blankstorknebb. Vidare strandsmelle, lodneperikum, vårerteknapp, skognesle (Roald, 2003)

Kappadalsviki: Alm-lindeskog og eit fossesprøysamfunn med fosseberg, og naturskog med rikeleg førekomst av daud ved. Ein raudlista naturtype, lågurt – edellauvskog. Feltskikt med myske, trollbær og myskegras, epifyttar som lungenever og kystnever på selje og stor ospeildkjuke på osp. (Høitomt, 2019)

Kappadalsgrovi: Låglands og lauvskogsbekkeløft med raudlista naturtypene fosseberg og fosseeng. På berget veks svartburkne, skortetjuvpose, glansperlemose og piskfik. (Høitomt, 2019).


Vangsen: Gamalt ospeholt i mosaikk med alm-lindeskog med noko hasselkratt, ein raudlista naturtype lågurt – edellauvskog. Det er registrert myske, trollbær, vårerteknapp og skogsvinerot. Av epifytter er buktporelav, blyhinnelev og lungenever notert.

Solaløysna: Alm – lindeskog med noko hassel og rogn, på raudlista som lågurt – edellauvskog. Mer eller mindre kravfulle artar som myske, myskegras, stortuamose, galleteppepose og kystmoldmose var registrert.

Geitåna foss: Har vore synfaring berre nedst. Velutvikla vegetasjonssamfunn i fosseberg, fosseeng, og i flaumsona. Fosseenga er frodig, med artar som sløke, mjødukt, ormetelg, hestehov og ubestemt marikåpe. På fosseberga vart fuktkrevende artar som buttstråmose, fjordtvebladmose, knollfotmose og gullhårmose notert. Hårkurlmose (VU) vart funne på ei blokk i fossesprøytsone. Det er vidare potensial for kravfulle moser knytt til fossesprøytsone og flaumsonar, og kravfulle lav knytt til fuktig skog, bergvegger og blokkmark (Høitomt, 2019).

Natur i Norge (NIN)-kartlegging i området Knoken-Skalmernes i Nærøyfjorden

Det er svært få område som er kartlagde etter NIN-metoden i Aurland. NIN er utvikla på grunnlag av Miljødirektoratet sin instruks for basiskartlegging av verneområde. Nedanfor er mellom anna område langs Nærøyfjorden, Knoken-Skalmernes, med sårbar semi-naturleg eng (VU) registrert. Semi-naturlege enger er viktige for mangfald av mange artar og organismar (Miljøfaglig Utredning AS, 2022). Det er og område med skogsmark med beitepreg, der ein finn hassel, gråor, bjørk og rogn. Dessutan fleire areal med høgstaudeskog, og små areal med lågurtskog. Andre areal med blåbærskog, samt eit lite område med flaumskogsmark, noko skredmark og nakent berg.



Kjelde: (Miljødirektoratet, 2022)

Det einaste område som er NIN-kartlagt i Aurland ligg ved Nærøyfjorden (over).

Holmo-Styvi vart oppretta som landskapsvernområde i 1991 og innlemma i Nærøyfjorden landskapsvernområde i 2022. Området er samtidig ein del av Nærøyfjorden verdsarvområde for vestnorske fjordlandskap. Grunnlaget for vern ligg i forskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, der føremålet er skildra til å ta vare på kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap og gardsbruk og kulturminne (Miljøfaglig Utredning AS, 2022).

Den fyste skjøtelsplanen for Styvi-Holmo vart utarbeidd i 1994 (Helle, 1994). Den var lenge før det fants standardiserte retningslinjer for skjøtelsplanar. I ny skjøtelsplan utarbeidd i 2022, har ein teke utgangspunkt i etablera malar for skjøtelsplanar. Ein har lagt vekt på verdfulle naturtypar og artar. Tilstanden til området og bruken av det er annleis enn i 1994 og kunnskap, metodikk og skjøtelsplanar for kulturlandskap er vidareutvikla (Miljøfaglig Utredning AS, 2022). Omsyn som ein har teke med er, mellom anna, husdyrbruk i området, turisme, storleik på hjortestammen med

beiting og slitasje på alm og styvingstre. Det er utvikla råd for skjøtsel for Skalmenes, Styvi, Vetlestyvi, Gardsneset, Klungrenes, Odnas, Stolen, Holmo og Insta Holmaviki-Bleiklindi.

Under kartleggingsarbeid i 2021, var det 94 funn av i alt 15 raudlisteartar innanfor området (Miljøfaglig Utredning AS, 2022). Det var seks artar av fugl og tre artar kvar innan karplantar, lav og sopp. Det viktigaste miljøet for raudlisteartar er gamle almetre, der ein kan rekna med fleire funn om ein undersøker nærare. Det var notert at det kan vera eit potensial for raudlista beitemarksopp og insekt i området.

Oversyn over raudlisteartar registrert i 2021 (Miljøfaglig Utredning AS, 2022):

Norsk namn	Status	Miljø	Tal
Fugl			
Teist	NT	Marint	1
Grønfinnk	VU	Kulturlandskap	1
Gauk	NT	Kulturlandskap, skog	1
Tjeld	NT	Marint, strandsona	2
Fiskemåke	VU	Marint, strandsona	2
Sjørørre	Vu	Marint	1
Karplantar			
Ask	EN	Kulturlandskap, skog	5
Lind	NT	Skog	2
Alm	EN	Kulturlandskap, skog	22
Lav			
Bleik kraterlav	VU	Gamle almetre	2
Almelav	NT	Gamle almetre	15
Bleikdoggnål	NT	Gamle almetre	1
Sopp			
Skrukkeøre	NT	Gamle almetre	5
Almebroddsopp	VU	Gamle almetre	20
Almekullsopp	NT	Gamle almetre	14
SUM			94

Av nasjonale framand-artar veks det sitkagran ved Styvi. Den er ført opp med høg økologisk risiko. Andre regionale framand-artar er europeisk lerk, ved Skalmenes, og norsk gran ved Styvi. Alle desse artane har potensial for å spreia seg og konkurrera ut andre treslag og skugge ut artar i feltsjiktet (Miljøfaglig Utredning AS, 2022).

DN 13-handbok: Aurlandsfjorden ytst mot Nærøyfjorden

Det er registrert 13 lokalitetar i området i naturbase (Aurland Naturverkstad BA, 2006). Tre av desse er verdsett til lokalt viktig, tre som viktig og fem som svært viktige. Slåttemark er naturtypen som dominerer i registreringane.

DN 13: Naturtypar ved Aurlandsfjorden i området merka med raud strek i kartet ovafor, ytst mot Nærøyfjorden.

Reg.	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Vestsida av Aurlandsfjorden frå ytst mot Nærøyfjorden og innover.			
2019	Stokko midtre	Slåttemark	Svært viktig
2019	Øygarden nord	Lauveng	Viktig
2019	Beinsnes ytste	Slåttemark	Viktig

2019	Dorganes inste	Slåttemark	Svært viktig
2019	Droganes ytste	Slåttemark	Svært viktig
2019	Krossnes	Slåttemark	Svært viktig
2019	Vetlereina	Slåttemark	Svært viktig
2002	Morkhamar	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2019	Finnsteinen	Slåttemark	Svært viktig
Austsida av Aurlandsfjorden ved fjorddelet mot Nærøyfjorden, frå ytst og innover.			
2002	Høyskreda	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
1989	Galden	Hagemark	Lokalt viktig
1992	Bortomteigane	Rik edellauvskog	Viktig
2002	Husaflaten	Sørvendt berg og rasmak	Lokalt viktig

Dette området er særmerkt med mange slåttemarker på vestsida av Aurlandsfjorden, dei fleste er sett i kategorien «Svært viktig». Det er ved Stokko midtre, Dorganes inste, Krossnes, Vetlereina, og Finnsteinen.

Stokko midtre er ei naturslåttemark og er ikkje jordarbeida, men berre overflatelydda. I områda ned mot fjorden, ser vegetasjonen ut til å ha noko gjødselpreg. Vegetasjonstypen varierer frå høgstaudeeng til tørreng, alt etter kor tjukt jordlaget er, og et visst innhald av kravfulle plantar tyder på en viss tilgang på kalk. To grove, gamle, styva seljer står på lokaliteten, og det er truleg fleire langs utkanten og rett utanfor lokaliteten. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): T32-C-9 Kalkrik høgstaudeeng med mindre hevdpreg, T32-C-15 Svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg, og T32-C-21 Svakt kalkrik eng med svakt preg av gjødsling (Miljødirektoratet, 2022).

Den øvre delen av enga er artsrik, med til saman 21 registrerte habitatsspesialistar for seminaturleg eng, mellom desse ein del litt kravfulle artar, som gulmaure og gjeldkarve. Dunhavre og gulaks er dominerande grasarter i denne delen av enga, medan hundegras og engreverumpe tiltar på «flata» nedst. Det vart observert flygande stor bloddråpesvermar (EN) (Miljødirektoratet, 2022).

I 2006 vart det utarbeidd ein eigen plan for kulturlandskapsskjøtsel for Stokko (Aurland Naturverkstad BA, 2006). I denne planen står det at tidlegare utnytting av området har vore sterkt og mykje slåttemark var enno då i hevd. Vidare at Stokko, med slåtteteigane og det kulturprega landskapet inn mot Undredal, er eit viktig element i Aurlandsfjorden. Det er ein mosaikk av små teigar, røyser, beitemark og middels rik lauvskog. Utgangspunktet for skjøtelsplanen langs Aurlandsfjorden frå Stokko til Undredal, var at landskapet var endra frå 1970-talet og dei siste tiåret var slått avvikla. Planen inneheld skjøtseltiltak for eng og slåttemark og ein eplehage, samt tilretteleggingstiltak for friluftsliv.

Droganes inste: Marka består helt eintydig av gamal slåttemark utan påverknad av jordarbeid eller gjødsling. Varierende tjukkeleik på jordlaget gir variasjon i vegetasjonstypen fra høgstaudeeng til tørreng, og førekomstar av kravfulle planter tyder på at der er en viss tilgang på kalk. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): Sterkt kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-C-7), Kalkrik høgstaudeeng med klart hevdpreg (T32-C-10), og Sterkt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-17). Enga er svært artsrik med til saman 24 registrerte habitatsspesialistar for seminaturleg eng, blant disse en del litt kravfulle arter, som gulmaure, gjeldkarve, brudespore og skogmarihand. Marianøkleblom, som elles er svært sjeldan på Vestlandet, finst og. Dunhavre og raudsvingel er dominerande grasarter i den indre delen av enga, medan det er mest gulaks og sauesvingel i dei turraste delane ute ved fjorden. Det vart og observert stor bloddråpesvermar (EN).

Droganes ytste: Marka er helt eintydig naturslåttemark utan påverknad av jordarbeid eller gjødsling. Vegetasjonstypen varierer frå høgstaudeeng til tørreng, alt etter tjukkleik på jordlaget, og et visst innhald av kravfulle planter tyder på at det er relativt kalkrike tilhøve. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): Kalkrik høgstaudeeng med mindre hevdpreg (T32-C-9) og Sterkt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-17). Enga er ganske artsrik med til saman 20 registrerte habitatsspesialister for seminaturleg eng, blant disse en del litt kravfulle arter, som gulmaure, gjeldkarve, brudespore og skogmarihand. Marianøkleblom, som elles er svært sjeldan førekommande på Vestlandet finst og. I midtpartiet ved steinblokken har det etablert seg ein einsarta bestand av englodnegras. Det vart observert mange eksemplar av stor bloddråpesvermer (EN).

Krossnes: Lokaliteten er registrert som slåttemark, sjølv om en terrasse her kan tyda på at det i alle fall har vore ein liten (spadevendt) åker her for lenge sidan. På grunn av bratt terrenget er enga elles ikkje jordarbeidd. Dei lågast liggjande delane har delvis ganske god jordtjukkleik, og det er god variasjon i vegetasjonstypen over til tørreng lengst nord i lokaliteten. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): Kalkrik høgstaudeeng med mindre hevdpreg (T32-C-9), Sterkt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-17). 20 habitatsspesialistar for seminaturleg eng ble påvist, blant disse en del litt kravfulle artar, som gulmaure og gjeldkarve. Skogkløver finst her, og er heilt i kanten av sitt utbreiingsområde. Dunhavre er dominerande grasart i det meste av enga, medan det er mest gulaks i dei turraste delane. Partia nærast gjerdet mot innmark i sør, består av høgstaudemark. I den nordvestlegaste delen av enga vart det observert eit svært mange individ av stor bloddråpesvermar (EN).

Vetlereina: Lokaliteten er registrert som slåttemark. Den består av uregelmessige, små og smale terrassar som er skilt av bratte skråningar. I dei flate terrasseteigane er marka tidlegare fulldyrka, og nokre har truleg vore åkerteiger i det gamle skiftejordbruket. Dei største og lågastliggjande av desse terrassane har preg av å ha vore gjødslet med husdyrgjødsel, medan dei høgastliggjande og smalaste flatene er mindre gjødselfåverka. I skråningane mellom terrassane, er feltsjiktet karakteristisk for tradisjonelt hevda, relativt kalkrik naturslåttemark, delvis med gamle rydningsrøyser. Sidan dei einskilde stykkja er såpass små/smale, er heile arealet registrert som slåttemark. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): Intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6), Kalkrik høgstaude-eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-10), Svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-14), og Engliknande oppdyrket mark (T41-C-1). 19 habitatsspesialister for seminaturleg eng vart påvist, mellom disse gulmaure og gjeldkarve som de mest kravfulle. Ein stor del av feltsjiktet er dominert av gjødselfavoriserte arter, særleg hundegras og hundekjeks.

Finnsteinen: Lokaliteten er registrert som slåttemark. Varierende fuktigheit og jorddjupne gjev ein gradient i vegetasjonen frå nesten tørreng til høgvekst «gamaleng» (G13 etter Fremstad). I de aller nedste områda langs traktorvegen er det en smal sone med innslag av nitrofile arter, noko som kan skuldast gjødselfåverknad frå vegen eller aktivitetar i nabofeltet. Naturtypar etter NiN (versjon 2.2.0): Intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6) og Svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-15). 17 habitatsspesialistar for seminaturleg eng vart påvist, mellom disse ein del heller kravfulle artar, som gulmaure og gjeldkarve. Dunhavre er dominerande grasart i det meste av enga, med meir næringsfavoriserte artar i den nedste delen, og felt med mye gulaks heilt øvst. Ingen raudlisteartar vart registrert. En stor del av feltsjiktet er dominert av gjødselfavoriserte artar, særleg hundegras og hundekjeks. Det vart ikkje registrert raudlisteartar ved feltundersøkinga i 2019, men grunneigar og brukar Marie Baudonell Undredal meinte å ha sett flygande bloddråpesvermarar under slått. Dette kan godt dreie seg om ein eller begge dei trua artane av bloddråpesvermarar som er registrert i nærområdet. Stor bloddråpesvermar (EN) er kjent frå hovuddalføret i Undredalen og områda langs fjorden vestover, og båndbloddråpesvermer (EN) er observert i Hokaskorane (rasmark) rett over Finnstein-enga i 2018.

DN 13-handbok: Skjerdal-Aurlandsvangen-Aurlandsdalen

Det er registrert 29 lokalitetar i området. 13 av desse har fått verdien lokalt viktig, 11 som viktig og 2 som svært viktig. Det er 11 lokalitetar av naturbeitemark, og elles varierte naturtyper. Svært viktig er sett som verdi på to lokalitetar av naturbeitemark, på Sitjande og ved Turlidfossen.

DN 13: Naturtypar i området Skjerdal, Vangen og opp Aurlandsdalen, merka med turkis strek i kartet ovafor.

Reg. år	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Området frå Skjerdal og ned til Aurlandsvangen (elva) og nordaustsida av Aurlandsdalen.			
1992	Skjerdal	Hagemark	Lokalt viktig
2015	Skjerdal, to område vest og aust	Slåttemark	Viktig
2002	Prestgjelet	Sørvendte berg og rasmarker	Lokalt viktig
2002	Sitjande	Naturbeitemark	Svært viktig
2002	Kvam einerbakke	Hagemark	Viktig
2011	Kvammedalselvi, gjel, øvre og nedre	Bekkekløft og bergvegg	Viktig
2011	Glomsete	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2011	Landsbøen	Hagemark	Lokalt viktig
2010	Turlidfossen	Fossesprøytsone	Svært viktig
2002	Presthagen	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2015	Skahjem	Beitemark	Viktig
2010	Terum	Naturbeitemark	Viktig
2002	Steine	Hagemark	Viktig
2002	Steine	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Veim	Hagemark	Lokalt viktig
2010	Vassbygdi, Midje	Naturbeitemark	Svært viktig
2002	Bellsbøen	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2010	Kongshelleren i Aurlandsdalen	Rik edellauvskog	Viktig
2010	Almen	Naturbeitemark	Viktig
2010	Sinjarheimgalden i Almen	Sørvendt berg og rasmark	Viktig
2010	Sinjarheim	Naturbeitemark	Viktig
2010	Bergvegg i Aurlandsdalen	Sørvendte berg og rasmark	Viktig
2010	Heimrebø	Bjørkeskog med høgstauder	Viktig
2010	Holmen i Aurlandsdalen	Slåtte- og beitemyr	Lokalt viktig
Området sør for Aurlandsvangen (elva) og søraust innover Aurlandsdalen.			
2002	Li, ved Vangen	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Tokvam	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Låvisberget på sørsida vassbygdevatnet	Rik edellauvskog	Lokalt viktig
2002	Bellsøyna	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Aurlandsvatnet sør	Beiteskog	Lokalt viktig

Lokalitetar med verdi «svært viktig»

Turlidfossen: Under og kring Turlidfossen finn ein ei sær sars velutvikla fosserøyksone. Det meste av lokaliteten består av fosseeng, urterik utforming. Men her er og fuktpåverka bergvegg og fosseeng av moseutforming. Nær fossen, på bratt, men skråande bergvegg veks eit tett teppe med marikåpe med enghumbleblom. På berg i lokaliteten veks mellom anna skjørlok, rosenrot og bergfrue. Dette er

ikkje ein nordvend bergvegg, men han held god fukt på grunn av sprut frå fossen. Framom fossen er vegetasjonsdekket høvesvis tett, med mosar og urter. Mellom artane finn ein både raudsildre, gulsildre, grannsildre (NT), snøsildre og mosesildre (EN). I sona utanfor dette veks tett med mjødukt.

Vassbygdi, Midje: Naturbeitemark, utforming bjørkehage, med mye innslag av hassel. Mosaikk av, mellom anna, vegetasjonstypene G2 (blåtoppeng) og G7 (frisk/tørr middels baserik eng i låglandet), begge trua vegetasjonstypar. I området veks planteartar som pengeurt, sisselrot, mjølbbær, gulsildre, hassel, gråor, blåknapp, stormure, linbendel, legeveronika, tveskjeggveronika, gulflatbelg, gjerdevikke, blåtopp, kratthumleblom. Eit yrande insektsliv, og det er registrert mange sommerfuglartar, deriblant de raudlista artar som alvesmyger (EN) i 2008 og 2009, og mørk rutevinge (VU) i 1938. Godt potensial for funn av fleire raudlista artar.

DN 13-handbok: Norddalen

Oppe på fjellet i Norddalen, er det registrert eit stort, kalkrikt område av lokal verdi.

DN 13: Naturtypar i Norddalen opp frå Aurlandsdalen, merka med rosa sirkel i kartet ovafor.

Reg. år	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Norddalen			
1992	Norddalen	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig

DN 13 handbok: Aurlandsfjella

Oppe på fjellet i Stemmerdalen / Vestredal er det registrert tre store, kalkrike område sett til lokal verdi.

DN 13: Naturtypar i større areal i Aurlandsfjella, i området merka med grøn strek i kartet ovafor.

Reg. år	Områdenamn	Naturtype	Verdi
2002	Stemmerdalen	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig
2002	Vestredal-Kongshelleren	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig
2002	Vestredalen	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig

DN 13-handbok: Flåm og Flåmsdalen

Området rundt Flåm og i Flåmsdalen har 27 registreringar i naturbase. Av desse er 13 registrerte som lokalt viktig, 10 som viktig og 4 har verdien svært viktig. Det er varierte naturtyper i området. Registrert som svært viktig er ein gamal boreal lauvskog ved Ottersnes, ei slåttemark ved Ryum, ei fossesprøytsone ved Rjoandefossen i Flåmsdalen og ei såttemark ved Vidme.

DN 13: Naturtypar rundt Flåm og Flåmsdalen, området merka med oransje strek i kartet ovafor.

Reg. år	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Området frå Nautavikneset og inn til Flåm, og vidare opp austsida av Flåmsdalen			
2018	Nautavikneset aust	Rik edellauvskog	Viktig
2018	Sevål	Slåttemark	Viktig
2002	Vikesland	Hagemark	Lokalt viktig
2018	Ottersnes aust	Gamal boreal lauvskog	Svært viktig
2002	Høgsete-Hovdungo	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig

2018	Runeflaten	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2018	Juklaberget aust	Gamal boreal lauvskog	Viktig
2018	Fretheim (Flåm)	Naturbeitemark	Viktig
2002	Espedalen	Beiteskog	Lokalt viktig
2015	Ryum	Slåttemark	Svært viktig
2002	Ramnanosi vest	Sørvendt berg og rasmark	Lokalt viktig
2002	Kvålen	Naturbeitemark	Viktig
1981	Gudmedalen	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig
2006	Holo	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Dalsbotn	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2010	Tungeelvi-Geismeelvi	Bekkekløft og bergvegg	Viktig
2010	Juvet nedst i Tungeelvi	Bekkekløft og bergvegg	Viktig
Området frå Høydølaholten på vestsida fjorden, til Flåm og vidare opp vestsida av Flåmsdalen			
2002	Høydølaholten	Naturbeitemark	Lokalt viktig
2002	Stor-Enne	Sørvendt berg og rasmark	Lokalt viktig
2002	Flåm	Deltaområde	Lokalt viktig
2010	Brekke	Sørvendt berg og rasmark	Viktig
2010	Brekkefossen i Flåmsdalen	Fossesprøytsone	Viktig
2009	Risavoi	Gamal barskog	Lokalt viktig
2010	Rjoandefossen i Flåmsdalen	Fossesprøysone	Svært viktig
2018	Vidme	Slåttemark	Svært viktig
2010	Geithus	Slåttemark	Viktig
1981	Vidmenosi	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig

Lokalitetar med verdi «svært viktig»

Ottersnes aust: Lokaliteten er ein gamal boreal lauvskog, utforming gamal ospeskog, omkransa av furuskog. NiN-grunntypen for skogen er svak bærlyng-lågurtskog. Store blokker finnes i lokaliteten. Skogen fanges ikkje opp av noko trua naturtyper etter raudlista for naturtyper 2018 (Artsdatabanken 2018). I tresjiktet dominerte osp med innslag av furu og bjørk. Feltsjiktet inneheldt arter som markjordbær, hengeaks og i mellom, tyrihjel. På dei gamle trea, i fyste rekke osp, er det registrert flatkjuke, skjellkjuke, skrubbenever, vanlig blåfjelllav, lungenever, brun blæreglye, *Gyalecta geoica* (ein nokså sjelden skorpelav som på Vestlandet i første rekke er kjent frå gamle almetre) og putevrinose.

Ryum: I følge Hauge & Austad (2008) inneheld lokaliteten både slåtteeng og naturbeitemark, men mengdeforholdet mellom desse er ikkje oppgitt. Utforming av begge naturtypene er frisk/tørr, middels baserik eng, men ein mindre del (ca. 20 %) kan òg reknast som fattigeng. Lokaliteten har stadvis òg preg av hagemark, m.a. med gamle styvingstre av bjørk. Artssamansetjinga varierer ein del med struktur og kulturpåverknaden, men feltsjiktet har gjennomgåande eit høgt artsmangfald. Ein ser tydelege gradientar frå årvisst hausta engflater til ulike attgroingsstadium. Breiblada grasartar er vanlege, slike som engreverumpe, timotei, engsvingel og hundegras. Urtefloraen i dei gamle slåtteengene er helst prega av urter som gjeldkarve, raudkløver, gulmaure, kvitmaure, raudknapp, ryllik, markjordbær, blåklokke, torskemunn og prestekrage. I tørre bakkar er det ein del innslag av varmekjære artar frå det sør-austlege floraelementet. Det veks òg typiske tørrengartar her, som lintorskemunn, småmarimjelle, fjellblom, tiriltunge, kvitmaure, kratthumleblom og blåkoll. I bratte bakkar som tidlegare vart slått, men som no er i svak attgroing veks også kantsoneartar som hengeaks, liljekonvall, kransmynte, kratthumleblom, skogfiol, mørkkongsslys, teiebær, blåbær og stankstorkenebb.

Rjoandefossen i Flåmsdalen: Avgrensninga gjeld naturtypen fossesprøytsone, urterik utforming. Nærast fossen er det ei noko meir moserik utforming. Lokaliteten er ganske stor og påverknaden frå

fossen på vegetasjonen er til dels sterk. Det står ingen trær i nærleik til fossen, og dei trea som står nærast vert truleg ikkje påverka i nemneverdig grad av fosserøyken. Nedanfor fosseenga er det en nokså rik gråor-heggeskog med myske, firblad, skogsvinerot og skogstjerneblom. Utvalet av artar er berre overflatisk studert. Dei vanlegaste artene i fosseenga er prikkperikum, jåblom, rosenrot, kvitbladtistel, sølvbunke, engsoleie, fjellkvann og marikåpe. Mosane vart arts-bestemt i etterkant av kartlegginga i 2010 av bryolog Arne Pedersen: Fettmose, småstyltemose, glansperlemose, berghinnemose, tvillingtvebladmose, kildetvebladmose, bekketvebladmose, storhoggtann, skortejuvmose, stråmose, stortaggmose, rødmesigmose, bekkelundmose, engbroddmose, pelssåtemose, glanssåtemose, kammose, vardeknausing, krusknausing, etasjemose, vegkrukkemose, rødknoppnikke, fjellbinnemose, kystbinnemose, bekkegråmose, fjærgråmose, heigråmose, rosettmose, horntorvmose, beitetorvmose, blodnøkkemose. Ingen raudlisteartar er påvist så langt.

Vidme i Flåmsdalen: Lokaliteten er samansett av ulike naturtypar som alle i større eller mindre grad har vore skjøtta og er avhengige av slått og/eller beite, i hovudsak slåttemark med utforming kalkrik tørreng. NiN-typar: Uttørkingseksponeerte , temmeleg kalkrike berg (T1-8), Sterkt kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-7), Sterkt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-17) og Sterkt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (T32-18). Lokaliteten er svært artsrik, og 40 tyngdepunktar for seminaturlig mark vart registrert i 2018, mellom desse mange kravfulle artar, som brudespore, gjeldkarve, gulmaure, fjelltistel, jåblom, marinøkkel og vill-lin. På framstikkande berg er det også stor artsrikdom av artar som er konkurransesvake og lite gjødselesterante, som aurskrinneblom, blåapp, kvitbergknapp, bitterbergknapp og skoresildre. På berg med fukt frå vass-sig vart lodnebergknapp registrert. I bakken med tjukt jordsmonn i søraust og på stader påverka av jordarbeid og gjødsling, kjem det inn m.a. bringebær, engsvingel, hundegras, timotei, hundekjeks, høymole, kveke, stornesle, vassarve og løvetann. På litt fuktig mark som har vore uregelmessig slått, kjem m.a. høgstauder som mjødukt og tyrihjelmmoss. Det er òg stadvis enkelte vedaktige attgroingsartar, som kjøttnype, einer og nokre få kratt av selje og bjørk. Lokaliteten har truleg godt potensial for kravfulle beitemarksopp og insekt.

DN 13-handbok: Øvst i Flåmsdalen med Vindedalen

DN 13: Naturtypar øvst i Flåmsdalen og Vindedalen, området merka med blå strek i kartet ovafor.

Reg. år	Områdenamn	Naturtype	Verdi
Området øvst i Flåmsdalen, med Vindedalen			
2010	Reinunga	Bjørkeskog med høgstauder	Lokalt viktig
1981	Seltuft-Klevanosi	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig
2002	Vindedalen	Kalkrike område i fjellet	Lokalt viktig


Oppsummering om kartleggingar

Det er svært små område der naturmangfaldet er kartlagd i Aurland kommune, og med nokre kartleggingar som berre er overflatiske eller mangelfulle. Nokre stader er det kartleggingar av eldre dato. Difor ville det vera ein føremon, om det vert gjennomført kartleggingar, både der ein tek utgangspunkt i områda som allereie er kartlagde, men og ser på moglegheiter for å kartlegga livsmiljø som ein enno ikkje har undersøkt, særleg når ein tenkjer på insektfaunaen.

Nesten halvparten av dei registrerte lokalitetane har preg av jordbruksdrift, med ulike former for drift i tidlegare tider og fram til no. Med åra har stadig større delar av drifta vorte lagt ned. Om ein skal oppretthalda naturmangfaldet i desse kulturbaserte naturtypene, vil det kunne vera behov for kontinuerleg merksemd rundt skjøtselstiltak.

Artsmangfold


Artsmangfaldet i Aurland speglar det varierte landskapet frå fjell til fjord, med mange ulike typer livsmiljø over relativt korte avstandar. Mange artar er og særskilt knytt til det rike kulturlandskapet i kommunen.



Kjelde (Artskart)

Oversiktskartet over finn ein i Artsdatabanken. Dette kartet inneheld punkt av registreringar av artar. Registreringane er stort sett gjennomført i dalføra. Det er i tillegg store område som er lite tilgjengelege og lite undersøkt.

Fylkesatlas viser kart med artar av nasjonal forvaltningsinteresse:




Kjelde: Fylkesatlas

Det er fyst og fremst i dalføra ein har undersøkt og funne artar av nasjonal forvaltningsinteresse (over). Det kan likevel vera område i dei bratte og delvis utilgjengelege fjellsidene som ikkje er godt nok undersøkt.

Verdsarvområde og vern

I kartet nedanfor er naturreservat og landskapsvernområde merka av. Tre mindre områda med raud skravur er frå nord: Nordheimsdalen naturreservat, i midten er Geitanosi naturreservat, og i sør er Grånosmyrane naturreservat, på grensa mot Voss.



Kjelde: Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nordheimsdalen naturreservat (13300 daa), som ligg som ein sidedal opp Aurlandsfjorden innover Djupedalane, oppretta med føremål å ivareta skogvern. Området er verna for å ta vare på eit særskilt skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Verneområdet utgjer eit intakt nedbørsfelt frå fjøre til fjell, og har eit uvanleg stort mangfald av ulike furuskogstypar. Delar av skogen har eit urskogpreg som truleg er det sterkaste ein finn på Vestlandet.

Geitanosi naturreservat (12280 daa) ligg langs fjellsida på austsida, innanfor neset der Nærøyfjorden svingar innover frå Aurlandsfjorden. Reservatet er oppretta for å ta vare på eit stort og urørt skogområde med eit stort mangfald av skogs- og vegetasjonstypar. Området har særleg betydning for biologisk mangfald ved at større delar er urskogprega med mykje daud ved.

Grånosmyrane (3567 daa) er eit fjell- og våtmarksområde med hekkefunksjon for eit rikt og sårbart fugleliv (Miljødirektoratet, 2022). Myrane er mosaikkiprega, karakterisert ved gras, lynghei, stormyr, vier, grunne basseng og elver. Nede på sjølve myra hekkar mellom anna lappsporv og blåstrupe. Lappsporven er sirkumpolart utbreidd, og saman med snøsporv, den mest arktiske av sporvefuglane.

Bestanden på Grånosmyrane høyrer til dei sørvestlegaste i kontinentale Europa. Noko opp i dalsida hekkar fjæreplytt, boltitt,, heilo og fjellrype. Myrsnipe hekkar sesongvis. Lokaliteten representerer einaste hekkefunn av lapp-sporv i fylket forutan Hardangervidda. At området er ein hekkeplass for jordugle i gode smågnagarår, er interessant. Det er kjent få hekkeplassar av denne arten i Hordaland. Ein tett bestand av heilo, ein god bestand av raudstilk, førekomst og vestgrense for myrsnipe samt ein regulær bestand av fjæreplytt og boltitt, er og med på å høye området sin eigenverdi.

Områda i nord er Bleia-Storebotn naturreservat, som delast med Lærdal kommune.

Så høyrer det meste av arealet til Nærøyfjorden landskapsvernområde, fyste gong verna 08.11.2002. Området har 566563,8 daa i areal landareal og 29000 daa sjøareal (5,7 %). Området er eit samanhengande og kontrastrikt landskap frå fjord til høgfjell. Særmerkte landskapskvalitetar og stor variasjon i geomorfologiske former, kvartærgeologiske avsetjingar, planteliv, dyreliv og kulturhistorie. Området har få inngrep. Nærøyfjorden landskapsvernområde er eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap som strekk seg frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv. Kulturlandskapet med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter (Miljødirektoratet, 2022).

Kulturlandskapet

I Aurland kommune er kulturlandskapet viktig for å ivareta særskilte naturtyper og artar. Det er fleire område som har vore gjenstand for kartlegging og skjøtsel.



Kjelde: Naturbase

Store delar av landskapet rundt Nærøyfjorden og i Nærøydalen er registrert som verdifullt kulturlandskap i naturbase (over).

Fronnes

Fronnes, på vestsida av Aurlandsfjorden, har fått eigen skjøtelsesplan (Aurland naturverkstad BA, 2006). Området ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde, som ein del av den sørlege delen av Verdsarvområdet. Området er ikkje med i kartlegging av naturtyper. Medan skjøtelsesplanen var i utvikling, vart området nytta som utmarksbeite for sau. Tidlegare hadde området vore nytta til slåttemark og beitemark for geit. Etter at slåttebruken hadde opphørd og beitebruken vart redusert, vart området gjengrodd av einer.


Vatn og vassdrag

Aurland har lite ferskvassareal, 97,43 kvadratkilometer, i følge SSB. Aurlandsvassdraget er bygd ut med vasskraft, medan det og er fleire nedbørsfelt som er verna gjennom den nasjonale planen for vassdragsvern. Det er fleire vatn oppå fjella, og til dels bratte vasstrengar ned mot fjorden. Sognefjorden er rekna som ein av 29 nasjonale laksefjorvar og Aurland har to av 52 nasjonale laksevassdrag, Nærøydalselva og Flåmselva.

Verneplan for vassdrag

Verneplan for vassdrag har med fleire nedbørsfelt i Aurland. Det er Dyrdalselvi, Undredalselvi, Erdalselvi, øvste del og Kolarselvi, Nærøydalselvi, Nisedalselvi, Flåmselvi og delar av Vossovassdraget. Nokre av desse forsterkar eksisterande vern av område, og slike som har verdsarvstatus.

Områder med vassdragsvern:



Kjelde: Verneplan for Vassdrag, NVE

Nedbørsfelt i Aurland i verneplan for vassdrag er markert i kartet over. Det er 1, Dyrdalselvi, 2, Undredalselvi, 3, Erdalselvi, øvste del og 4, Kolarselvi, 5, Nærøydalselvi, 6, Nisedalselvi 7, Flåmselvi og 8, Vossovassdraget nedst til venstre.

Dyrdalselvi: Elva renn ut i Nærøyfjorden, eit område som kjenneteiknast ved svært store kontrastar, med steile bergveggar, store fossefall og alpine terrengformer. Blokkhav og bart fjell dominerer i høgfjellet. Nedbørsfeltet er prega av eit iserodert dalføre som er hengjande i forhold til fjorden. Dalen ender i en botn. Elva renn i jamne stryk og har ingen markerte fossar. Nede ved fjorden ligg restar etter eit breelvdelta opp til 55 moh. Dagens elv eroderer vidare i dette. Grunnlaget for vassdragsvernet er at området er urørt. Vassdraget, med markerte elvestrekningar, stadvis i foss og fossestryk, er sentrale deler av et større fjordlandskapet, med internasjonal verdi. Det er kort avstand mellom høye alpine fjell og fjord. Elveløpsformer, botanikk og fuglefauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet og er viktig for friluftsliv. Området utfyller landskapsvernområdet ned til fjorden (Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), u.d.).

Undredalselvi: Vassdraget har særpreg av å vera urørt, med markerte elvestrekningar mellom anna i foss og fossestryk. Vassdraget drenerer deler av fjellområdet mellom Nærøyfjorden og indre del av Aurlandsfjorden, en sørleg sidearm til Sognefjorden. Undredalselvi renn ut i Aurlandsfjorden ved

tettstaden Undredal. Undredalselvi renn i nordaustleg retning frå eit stort flatt fjellparti med fleire grunne vatn ned til Aurlandsfjorden. Frå fjellplatået skjer Undredalen seg ned med ein trong u-forma tverrprofil med svært bratte fjellsider, og elva går i strie stryk.

Området er stadvis sentrale delar av eit større, kontrastrikt fjordlandskap med internasjonal verdi. Det er kort avstand mellom høge, alpine fjell med brear og fjord. Det er elvelaupsformer, aktive prosessar i avsetningar og fjell, former frå issmelting og vassfauna som inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Dessutan er det store kulturminneverdiar og viktige verdiar for friluftslivet. Området utfyller landskapsvernområde ned til fjorden (Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), u.d.).

Erdalselvi, øvste del og Kolarselvi: Elva renn mot nord. De to hovudgreinene Modlaugselvi og Horna, med tilhøyrande sidefelt er tatt inn i verneplanen. Brear i vassdraget, elvar og vatn er sentrale delar av eit landskap med bratte dalsider og store kontrastar. Vann og elver i høgfjellet er godt synlege i terrenget, der elva går i kraftig foss og fossestryk. Elveløpsformer, botanikk, fuglefauna og landfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Det er store kulturminneverdiar knytt til vassdraga, og det er viktig for friluftslivet. Dei store vatna på fjellet har gode bestandar av fjellaure (Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), u.d.).

Nærøydalselvi: Vernegrunnlaget er at vassdraget har preg av å vera urørt, ligg i nærleiken av kysten og drenerer til Nærøyfjorden. Vidare at vassdraget, med markerte elvestrekningar stadvis i foss og fossestryk, er sentrale delar av eit større, kontrastrikt fjordlandskap av internasjonal verdi. Kort avstand mellom høge alpine fjell og fjord. Berggrunnen, elveløpsformer, aktive prosessar i avsetningar og fjell, fuglefauna og vassfauna inngår som viktige delar av naturmangfaldet. Dessutan er det Store kulturminneverdiar i området, og det er viktig for friluftslivet og utfyller landskapsvernområde.

Vassdraget som strekker seg frå bre til fjord, har få vatn. Desse ligg i høgfjellet. Fossar og stryk i tilpassingsgjela og sideelver ned dei bratte dalsidene er ofte godt synlege i landskapet og er verdifulle landskapselement. Dalbotnen er flat. Her ligg elveavsetningar, medan rasmateriale og ur dominerer i dalsidene. Raskjegler er markerte landskapselement. Nedbørfeltet har eit stort og variert geologisk mangfald, med stor naturfagleg verdi. Dette gjev landskapet viktige kvalitetar for oppleving.

Dei harde og næringsfattige bergartane gjev ein lite nærings krevjande vegetasjon. Rikare lauvvegetasjon veks langs elvane. Feltet har mange fugleartar med mykje våtmarksfugl og ein særleg rik rovfuglfauna. Dalbotnen er sterkt preget av jordbruksaktivitet, og beitetrykket i dalsidene er stort. Elva er sterkt forbygd ved Gudvangen, og det er inntak for eit nedlagd kraftverk ved Sivle.

Nisedalselvi: Vernegrunnlaget er at vassdraget har preg av å vera urørt, ligg i nærleiken av kysten, og drenerer til Nærøyfjorden. Dessutan er vassdraget, med markerte elvestrekningar, stadvis i foss og fossestryk, og elva utviklet et imponerende gjel, godt synlig fra fjorden. Vassdraget utgjør sentrale deler av eit større, kontrastrikt fjordlandskap av internasjonal verdi. Det er kort avstand mellom høge alpine fjell og fjord. Elveløpsformer, skredavsetningar, isavsmeltingsformer og botanikk inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Viktig for friluftslivet. Heile vassdraget ligg i landskapsvernområde.

Flåmselvi: Vernegrunnlaget omhandlar brear, elver og vatn som sentrale delar av eit kontrastrikt landskap med omfattande fjellområde i øvre delar og djup hovuddal i forlenging av

fjordbotnen. Markerte fossar i hovuddalen og sidegreiner. Elveløpsformer, aktive prosesser i avsetningar og fjell, former frå issmelting, landfauna og vantfauna inngår som viktige delar av naturmangfaldet. Det finst store kulturminneverdiar og området er viktig for friluftslivet.

Vassdraget har kjelder i dei nordlege delane av Hardangervidda, mellom anna omkring Omnsbreen, nord for Hardangerjøkulen. Elva har utlaup ved Flåm inst i Aurlandsfjorden. Vassdraget er et typisk høgfjellsvassdrag med 60 % av nedbørfeltet over 1250 moh. I den ope og vide Moldådalen i øvre del ligg mange vatn. Fleire sidedalar slutte seg til hovuddalen. Vindedal i øst og Myrdal i vest er dei to største.


Vossovassdraget: Vernegrunnlaget er basera på vassdragets plassering sentralt på Vestlandet, sør for Sognefjorden. Elver, vatn og våtmarksområde høyrer til eit variert og kontrastrikt landskap som omfattar høgfjell, dalsider og dalar/lågland. Elvelaupsformar, formar av issmelting, botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige delar av naturmangfaldet. Det er store kulturminneverdiar i området og det er viktig for friluftsliv.

Bruksinteresser ved vassdrag

Kraftutbygging

Aurland Energiverk AS har områdekonsesjon på heile Aurland kommune. Dette inneber at dei har monopol på å drive distribusjon av elektrisk kraft i kommunen. I tillegg til Aurland Energiverk AS sin områdekonsesjon har E-CO Vannkraft as og Bane Energi anleggskonsesjon i Aurland kommune. Anleggskonsesjon gjev selskapet rett til å drive eit avgrensa anlegg i kommunen.

Det er bygt eit omfattande linjenett i Aurland kommune, mykje av dette i samband med kraftutbygginga som Oslo Lysverker har gjennomført. Noko av desse anlegga vart bygde på ein slik måte at dei seinare har gått inn som deler av straumforsyningsanlegget i bygda.



Kjelde: NVE

I kartet ovafor ser ein reguleringsmagasin og overføringar i område som er regulert (NVE). Store deler av nedbørsfeltet i Aurlandsvassdraget er modifisert som følgje av kraftutbygging, gjennom konsesjonar.

Utfordringar for vassmiljø og organismar i vatn

Vann-nett skildrar utfordringar som oppstår i vassdraga som følgje av modifisering av ulike årsaker:

- Vandringshinder for fisk, som dammar, barrierar, sluser for flaumsikring.
- Hydrologiske endringar som følgje av minstevassføring.
- Påverknad frå rømt oppdrettsfisk.
- Påverknad frå lakselus.

Aurlandsvassdraget har vorte prioritert i arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkår, og det er planlagt opning av ei sak med dette temaet per 2022.

Fjordane

Sognefjorden er verdas djupaste og lengste isfrie fjord. Sognefjorden er eit eineståande geologisk fenomen og frå fjordbotn og opp er det stadvis over to kilometer med fjellsider som reiser seg og som skapar eit særprega fjordmiljø. Sidefjordane er relativt grunne og munnar ut som hengjande U-dalar høgt oppe i fjordsidene. Dyrelivet i Sognefjorden er til dels spesielt med lokale sildestammer og grunne førekomstar av djupvatnartar i nokre av sidefjordane. Særskilte verdiar er knytt til den geologiske utforminga av fjorden med dei spesielle botntilhøva og dyrelivet der. Verdiar knyt seg og

til vassmassane i djupbassenget med spesielle miljøtilhøve og biologiske førekomstar (Statsforvalteren i Vestland, 2023).

Sognefjorden er eitt av 36 område i landet som vart føreslege til marint vern i ein rapport frå 2004. Området som er aktuelt for marint vern i Sognefjorden er rundt 1000 km². Området omfattar sjøområda i Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Solund, Vik, Høyanger, Hyllestad, Gulen og Årdal. Verneområde av ein slik storleik skal konsekvensutgreiast. Det ligg nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for arbeidet med marint vern. FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som mål å ta vare på naturmangfaldet og redusere tapet av artar og naturtypar. Konvensjonen forpliktar landa, deriblant Noreg, til å bidra til at minst 17 prosent av landareala og 10 prosent av sjøareala blir bevart innan 2020. I dag er kring 5 % av havareala i Noreg vedtekne marine verneområde. Temaet marint vern er sentralt også for Havpanelet, der mellom andre Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2030.

Eit rådgjevande ut ein rapport som grunnlag for marin verneplan i Noreg. Dei utvalde kandidat-områda utgjør representativ undersjøisk natur frå kyst til skjergard og er valt ut som resultat av ein lang prosess. Sognefjorden er kandidat til marint vern fordi den er representativ for fjordane i Noreg. Den er relativt lite påverka og vil også kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. I 2022 vart det starta opp ein verneprosess for vern av dette unike marine området.

Uansett korleis arbeidet med verneprosessen går vidare, vil ei konsekvensutgreiing kunne gje mykje meir og nyttig kunnskap til alle som har eit ansvar for fjordmiljøet rundt Sognefjorden. Generelt gjeld at konsekvensutgreiingar i innhald og omfang skal vera tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vera relevant for dei avgjerdene som skal takast. På overordna nivå skal konsekvensutgreiinga innehalde omtale av:

- verneforslaget, inkludert vurderte alternativ
- miljøtilstanden
- faktorar som kan bli påverka, og vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn
- metode, kjelder og usikkerheit
- førebygging av negative verknader

I denne samanhengen, vil innsatsen for å sjå nærare på naturmiljø og miljøtilstanden vera av stor verdi å få gjennomført for Aurland kommune. Dette omhandlar både naturmangfald, økosystemtenester og omsynet til nasjonale og internasjonalt fastsette miljømål.

Det vil verta samla inn kunnskap, mellom anna om desse tema i utgreiingsarbeidet:

- Naturmangfald i grunne område
- Artar og naturtyper på terskelen mellom den djupe delen av fjorden og ut i Sognesjøen
- Overvake vasskvaliteten og botntilhøve gjennom eit eige tiltaksretta overvåkingsprogram for Sognefjorden
- Supplerande kartleggingar der vi treng meir kunnskap, t.d. for å velje ut referanseområde eller i verdsarvområdet
- Tidlegare dumpeplassar for både ureining og overskotsmassar, med meir.

På grunn av manglande detaljkunnskap om det marine miljøet i Sognefjorden, og førebels manglande avklaring av restriksjonsnivå, er det mogleg å seie noko konkret om konsekvensar for det marine

miljøet. Eventuelle restriksjonar på dumping av masse i fjorden vil verke positivt på det marine miljøet.

Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden

Miljømålet for overflatevatn er at tilstanden skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand (Vassforskrifta, 2006, §4).

Vassførekomstane Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden- Ytre er begge av vassstypen «ferskvasspåverka fjord». Nærøyfjorden- Indre er definert som ein «Naturleg oksygenfattig fjord» eller og «Sterkt ferskvasspåverka beskytta fjord». Det er to ulike tilstandar i fjordane, med våren som gjev stor ferskvassavrenning og høgare temperatur. Vinteren gjev lågare temperatur og liten ferskvassavrenning. I motsetning vert det sleppt ut mykje ferskvatn om vinteren i ein vasskraftpåverka fjord. I ferskvasspåverka fjordar aukar saltinnhaldet nedover i djupa til brakkvatn og saltvatn. Utskifting av vatn horisontalt vil kunne gå svært sakte, særleg på innsida av tersklar.

Hovuddelen av registrerte trua artar i Nærøyfjord- og Aurlandsfjordområdet er terrestriske (artskart.artsdatabanken.no). Dette tyder ikkje at det er færre trua arter marint, men heller at kunnskapsmangelen er større marint enn terrestrisk. Det er registrert fire trua arter knytt til marine miljø i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, der tre av dei er sjøfugl (fiskemåke, hettemåke og gråmåke) og éin art er en katadrom fisk, ål. I tillegg finst hummar (*Homarus gammarus*) i fjordane, som er sårbare (VU) på grunn av sterkt fiskepress nasjonalt. I ei upublisert undersøking frå mars 1996, vart det funne store mengder pigghå i Nærøyfjorden. Pigghå er på raudlista som sårbar art (VU). Om det enno finst pigghå i fjordane, er ukjent, men ikkje usannsynleg, ettersom dei er funnet i andre nærliggjande fjordar. I tillegg er den anadrome fisken laks (*Salmo salar*) knytt til begge fjordane. Laksen er på raudlista som nær trua (NT).

Det er forbod mot fiske av sild i Sognefjorden, og det er nokre få sildestammar med særeigen biologi tilpassa livsmiljøa i fjorden. Det er forbod mot å setta hummerteiner langs heile sjølina ned til 50 m djup, rekna frå lågaste vasstand i begge fjordane.

Noko veit ein om Aurlandsfjorden

(Bollingberg, Dale, Paetzel, & Nilsen, 2022) sin rapport frå 2022 skildrar den 28 km lange Aurlandsfjorden, som delar seg i to ved fjellet Beitelen, til Nærøyfjorden som går i sørvest til Gudvangen, medan Aurlandsfjorden held frå inn til Flåm.

- Det er ein terskel på rundt 270 meters djup ved Undredal, og skil botnvatnet i Sognefjorden frå botnvatnet innanfor terskelen. Innanfor terskelen er fjorden 420 meter djup på det høgaste.
- Det er observera ein auke frå 6,8 til 7,5 grader C mellom 1987 og 2006.
- I VannNett er den samla økologiske tilstanden i Aurlandsfjorden moderat, og den kjemiske sett til dårleg.
- Den totale storleiken på det naturlege elvedeltaet i Flåm var på 0,09 km² og mindre enn 0,01 km² i perioda 1969-1974 og Flåmselvi har vorte kanalisert og fordjupa. Det er grunn til å tru at utfylling av deltaet har øydelagd gyte- og oppvekstområde for fisk.
- Den største menneskeskapte påverknaden på vassmassane kjem frå vasskraftproduksjon, og verkar særleg på Aurlandsvassdraget. Av dei store vassmassane som vert tilført fjorden frå Aurlandselvi, er det sannsyn for at dei og påverkar Nærøyfjorden. Vinteravrenninga har auka med ein faktor på 10, medan vår, sumar og haustavrenninga har minka med ein faktor på 0,5. Våravrenninga er viktig for planteplankton og dyreplankton i fjorden. Ned-dykka utslepp tyder og ein del, og gjev isfri fjord.

- I Aurlandsfjorden var den samla vurderinga for næringssalt svært god for både sumar og vinterkonsentrasjonane i periodane 2017-2019 og 2018-2020 (Dale et al., 2020; 2021). Det eksisterer ingen tidlegare målingar av næringssalt frå Aurlandsfjorden jamfør klassifiseringssystemet for økologisk tilstand.
- Blautbotnsfauna: Utanfor forgreiningspunktet for Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden var tilstanden svært god i både 2017 og 2020. Det var ikkje rapportert nokon vesentlege endringar i blautbotnfaunaen på dei tre åra, utover det som reknast som naturleg variasjon.
- Makroalgar: I 2017 og i 2020 har to makroalgestasjonar i Aurlandsfjorden vorte undersøkt. I denne perioda har tilstanden gått frå moderat i 2017 til god i 2020 ved begge stasjonane. Tilstandsforbetringane skuldast fyst og fremst høgare artstal på stasjonane i 2020 samanlikna med i 2017.

Noko veit ein om Nærøyfjorden:

(Bollingberg, Dale, Paetzel, & Nilsen, 2022) sin rapport frå 2022 skildrar den 17 km lange Nærøyfjorden, der botnen stig oppover frå 350 meters djup ytst ved Dyrdal opp til 60 meters djup. Ved Bakka er den ein grunn terskel på rundt 12 meters djup. Innanfor terskelen er det eit basseng på 77 meters djup.

- Fjorden er delt i to ulike vassførekomstar, Nærøyfjorden Indre og Nærøyfjorden Ytre. Nærøyfjorden Indre går frå Gudvangen til Bakka, og Nærøyfjorden Ytre vidare utover til fjorddelet ved fjellet Beitelen.
- Gudvangen-deltaet er bygd ut og Nærøydalselva har vorte kanalisert. Det er grunn til å tru at utfylling av deltaet har øydelagd gyte- og oppvekstområde for fisk.
- Det har vore målt høgare temperatur i alle vasslaga gjennom åra (frå 1920) og mindre oksygen i Nærøyfjorden-Indre (frå 1987).
- Den økologiske tilstanden i Nærøyfjorden-Ytre vart i 2022 sett til god og i Nærøyfjorden – Indre sett til dårleg.
- Blautbotnfauna: I bassenget, innanfor terskelen, er det ikkje forventa å finna dyreliv, då det er naturleg oksygenfattige tilhøve i dei djupaste delane av botnvatnet. Det har imidlertid vore funne bentske foraminiferer i sedimentkjerner (2021) i bassenget med moderat til dårleg tilstand.
- Makroalgar i Nærøyfjorden – Ytre (2021): Fire av seks stasjonar viste en moderat tilstand, medan to av stasjonane viste dårleg tilstand. Samla for fjorden vart tilstanden klassifisert som moderat.
- Bruk av undervassdrone i fjæra: Det vart oppdaga omfattande vekst av trådforma algar som og vert kalla «lurv». Utbreiing av desse hurtigveksande og kortlevde algane går på utover fleirårige algar, som blir utkonkurera. Eutrofiering og auka temperatur er antatt å være hovudårsakane for denne type vekst.
- Korallar: I Nærøyfjorden er det kjent botnfauna som viser emergens, det vil seia at artar som er vanlege på verkeleg djupt vatn, finst på grunt vatn på 30 m djup mot normalt djupare enn 300 m. Dette i eit større felt ved Bakka med sjøfjærarten stor piperenser på 30 m djup, men og sjøkreps.
- Det er kartfesta to steinkobbekoloniar, i Nærøyfjorden og Lusterfjorden. Det er liggjeplassar for 15-30 dyr som er i bruk heile året, men det er ikkje kjent om selane ynglar i området. Ei doktorgradsoppgåve frå 2003 identifiserer fem grupper av nise i indre del av Sognefjorden, og ut frå det relativt høge innslaget av ungar (13-14%) blir det vurdert som sannsynleg at det indre fjordsystemet fungerer som oppvekstareal for niser innanfor eit større område.
- Det er registrert gytefelt for torsk inst i Lustrafjorden, inst i Årdalsfjorden, inst i Nærøyfjorden, i Vetlefjorden, Arnafjorden, Fuglsetfjorden, nord i Øystrebøvatnet, Ikjefjorden, Risnesfjorden og Bøfjorden.

Bruksinteresser og miljøpåverknad

I 2006 vart det gjort ei kartlegging av miljøtilhøva på 10 ulike stader i Sognefjorden: i Aurlandsfjorden, Lærdalsfjorden, Lustrafjorden, Årdalsfjorden, Kaupanger, Mannheller, Sogndalsfjorden, og tre stader i hovudfjorden. Føremålet med undersøkinga var å kartleggje førekomsten av miljøgiftene PCB, PAH, dioksin, TBT og tungmetall i sediment, vatn og djupvassfisk, samt kartlegge førekomsten av botndyr og vilkår for liv nede i djupet. Det vart teke opp sedimentprøvar frå opptil 1300 m ned i Sognefjorden. Oksygeninnhald på 1270 m djup blei karakterisert som "svært godt", men noko redusert på 800-1000 m djup. Konsentrasjonane av PCB var generelt låge i heile fjorden, det same gjeld TBT. PAH og benzo(a)pyren i sedimenta var unaturleg høge i Årdalsfjorden. Kvikksølv-konsentrasjonen i brosme overskred anbefalt grense for menneskeleg konsum, særleg i indre fjordstrøk. I ein nyleg publisert rapport frå HVL frå 2022 synte urovekkjande høge konsentrasjonar av TBT, særleg i indre delar av Nærøyfjorden. TBT er eit middel, mellom anna, brukt for å hindre organismar å setje seg fast på skipsskrog, og som har vore forbode å bruke sidan 2003.

Lokalt er det mange døme på utfyllingar i strandsona, anten i samband med tettstader, industriområde eller på gardsbruk der strand og våtmark fungerer som dumpingplass for overskotsmassar for å få større areal. Mellom Fimreiteåsen og Frønningen vart i 2008 fylt nokre hundre kubikkmeter steinmasse på djupt vatn for oppbygging av ein avgrensa plass for testing av teknisk utstyr på djupt vatn.

Det finst kommunale kloakkutslepp i Aurlandsvangen, Høydalen, Flåm og Undredal, men ikkje i Gudvangen. I Gudvangen er det eit privat utslepp frå Gudvangen Fjordhotell.

Tidlegare var det vanleg med mange små einskildutslepp av kloakkvatn på grunt vatn i fjordane. På 90-tallet ble mykje av kloakken på større stader samla i kommunale kloakkanlegg og avlaupsvatnet vart sleppt ut på større djup, ved 20 til 30 m. Dette kloakkvatnet vil i stor grad oppføra seg som dei dykka utsleppa frå vasskraftanlegga i Aurland. Kloakkvatnet vil stiga opp gjennom vassmassane og blande seg inn med sjøvatn slik at det blir tyngre. Anlegga er vanlegvis konstruert slik at kloakkvatnet vert lagra inn i fjordvatnet på omkring 10 m djup for å hindra at det kjem til overflaten kor kloakken kan medføra hygieniske problem.

Når ein ser på reglar for utslepp av kloakk frå skip, er utslepp forbode (for skip med bruttotonnasje 400 eller meir eller som er sertifisert for meir enn 15 personar) og gråvatn (frå skip med bruttotonnasje 2500 eller meir og som er sertifisert for meir enn 100 pers.) i verdsarvfjordane, men elles i Sognefjorden gjeld forbodet mot utslepp av kloakk frå skip nærare enn 300 meter frå land.

Kloakk inneheld både organisk materiale (avføring) og næringssalter (urin). Det organiske materiale krev oksygen for å bli nedbrote. Dersom kloakkvann blir tilført bassengvann vil det auka oksygenforbruket der. Kloakk inneheld også næringssalt, noe som vil kunne auka produksjonen av planteplankton.

Aurlandsfjorden: I periodane 2017-2019 og 2018-2020 vart Aurlandsfjorden klassifisert til å ha god tilstand (Figur 14; Dale et al., 2020; 2021). Våroppblomstring, som dominerast av kiselalgar, finst vanlegvis stad mellom midten av februar og midten av mai (Dale et al., 2021). På grunn av auka

utslepp av ferskvatn om vinteren og våren i regulerte fjordar vil det verta danna lagdelte vassmassar tidlegare på året enn i en ikkje vasskraftpåverka fjordar. Dette vil kunne gjera at planteplanktonets våroppblomstring startar tidlegare.

Nærøyfjorden: Det har i mange år vore utvinning av anortositt i Jordalsnuten i Nærøydalen med utskiping på skip frå Gudvangen, og produksjonen har auka sidan 2005. I samband med dette blei det i si tid, før vernet, mellom anna føreslege å dumpe overskotsmasse i Nærøyfjorden. Å dumpe massar i Nærøyfjorden vart ikkje aktuelt etter at Nærøyfjorden vart landskapsvernområde og verdsarvområde. Det er teke omsyn til planane om gruvedrift ved utarbeiding av landskapsvernområdet. Ved auka utvinning av anortositt, må ein vente meir trafikk med større lasteskip anten i Nærøyfjorden eller frå alternative utskipingsstader (via tunnel). Støv og småpartiklar frå lagringsanlegget hamnar og i fjorden. Lagring av farleg avfall i Jordalsnuten har vore oppe som tema. Ein er usikker korleis det eventuelt vil påverke Sognefjorden (Statsforvalteren i Vestland, 2023).

Laks: Utdrag frå marin verneplan: *I 2003 vart det oppretta nasjonale laksefjordar og -vassdrag med føremål å beskytta villaksen mot menneskeleg påverknad. I følgjande nasjonale laksefjordar, som overlappar med føreslege område i marin verneplan, er det ikkje lov med oppdrett av anadrome artar av matfisk: Sognefjorden, Trondheimsfjorden og Porsangerfjorden. Oppdrettsanlegg som finst i desse områda skal flyttast innan 2011. Ei fase 2 i oppretting av Nasjonale laksefjordar og – vassdrag pågår. Dei nasjonale laksefjordane som fell saman med marine beskytta område, vil kunne tena som referanseområde i høve til lokal belastning i fjordsystem. Nokre deler av desse fjordane burde og haldast oppdrettsfrie for marine artar og kunne tena som referanseområde for havbruk generelt. Dette skal vurderast vidare i høve til andre prosesser.*

Det er stor båttrafikk, som kan bidra til forureining i fjorden, og dei kan forstyrre gyte- og oppvekstområde for fisk og livsvilkår for steinkobbe. Båtar bygd før 2003 kan enno vera kjelde til den giftige stoffet tribyltinn (TBT) i fjorden, som kan verka hormonforstyrrande på organismar.

Landskap mellom sjø og land

Fjordar representerer sjeldne landskapsformar på verdsbasis. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er del av UNESCO-verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Delområdet Nærøyfjorden femnar om det meste av Aurlandsfjorden (sør for Aurland kommunegrense), i tillegg til stranda mot sjølv Sognefjorden inntil 5 m djupne på nordsida av fjellet Bleia (Statsforvalteren i Vestland, 2023).

Det er fleire veglause parti langs fjordsystemet. Finna fjorden (del av Stølsheimen landskapsvernområde) er heilt veglaus, Nærøyfjorden nesten heilt veglaus, og det same gjeld store delar av Fjærlandsfjorden, Aurlandsfjorden og Årdalsfjorden, og den ytre delen av Lustrafjorden. Veglause strekkingar elles er Fimreitehalvøya, mellom Finna fjorden og Ortnevik, mellom Arna fjorden og Ortnevik, mellom Lånefjorden og Høyangerfjorden, og store delar av landområda kring Sognesjøen.

Nærøyfjorden landskapsvernområde og Stølsheimen er landskapsvernområde (LVO) dekker areal i fjorden. Her gjeld verneforskriftene også vasspeilet, men ikkje under overflata. Stølsheimen LVO har om lag 4 km² sjøareal. Nærøyfjorden LVO har om lag 29 km² sjøareal.

Verneomfang og restriksjonar for marint vern

Landskapsvernområde (LVO) er omfatta av § 36 i naturmangfaldlova, og naturreservat av § 37. Arbeidet med verneplanen for marint vern vil vurdere i kva grad marine verneverdiar er sikra i dei eksisterande verneområda, og om det er naudsynt å revidere verneforskriftene eller vernegrensene for desse områda (Statsforvalteren i Vestland, 2023).

Det vil være aktuelt å vurdere om dagens verneforskrifter for landskapsvern i Nærøyfjorden, Stølsheimen og Bleia-Storebotn inneheld ei god nok beskyttelse for undersjøisk naturmangfald. For areala som i dag er omfatta av landskapsvern, vil det være konsekvensane av nye restriksjonar som følgjer av eit framlegg om marint vern som skal bli greidd ut i konsekvensutgreiinga. Konsekvensar som følgjer av restriksjonane i dei eksisterande verneforskriftene inngår i nullalternativet.

Verdsarvområdet har ikkje eigne vernereglar, men omfattar både eksisterande verneområde og areal som ikkje har vernestatus.

Nedanfor er det lista opp nokre geografiske område med sær egne kvalitetar, behov eller omsyn, der verneplanarbeidet må vurdere korleis ein best kan sameine bruk og vern. Det vil gå fram av verneframlegg med konsekvensutgreiing korleis dei enkelte kulepunkta er vurdert.

- Nærøyfjorden og Stølsheimen er to landskapsvernområde (LVO) der det vil kunne bli eit større geografisk overlappende område mellom marint vern og eksisterande vern. Eit marint vern vil kunne føre til ein vesentleg betre beskyttelse av det undersjøiske naturmangfaldet, men vil medføre ulemper for både forvaltning, for andre styresmaktar og for brukarar. Ei alternativ løysing er å endre verneforskrifta eller den geografiske avgrensinga for landskapsvernområde, men dette må bli vurdert opp mot nullalternativet (ikkje-vern for marint område). Det er opning for havbeite i Stølsheimen LVO, men det er i utgangspunktet ikkje lov i eit marint verneområde, noko som vanskeleggjer overlapping på akkurat dette punktet.
- For Bleia-Storebotn landskapsvernområde dekker fem km² av dagens verneareal fjorden. Under planarbeidet må få vurdert om dagens vernereglar er gode nok for marint naturmangfald eller om det bør bli overlappende med marint vern. Alternativ er å endre vernegrensa eller eksisterande verneforskrift. Det er opning for havbeite i dette verneområdet i dag.
- I Bleia naturreservat går eksisterande vernegrense fem meter ut i fjorden, også her er det opna for havbeite i dagens verneforskrift. Ei konsekvensutgreiing må vurdere dette.

Fugl

Det er registrert i overkant av 500 fugleartar i Noreg. Av desse er 234 (40%) vurderte og 93 av desse står på raudlista for Fastlands-Noreg. Det er ulike årsaker til dette, som små bestandar, nedgang i hekkebestand eller førekomstareal. Dette gjeld i stor grad sjøfugl, artar knytt til jordbrukslandskapet,

samt ande- og vadefugl knytt til fjellet. Mange arter er trekkfugl, som og kan verta påverka av tilhøve i hekkeområde, under trekket og overvintringsområda (Artsdatabanken, 2022)

I Artskart er der den kritisk trua (CR) arten vipe registrert to stader ved Aurlandsvengen. Av sterkt trua fugleartar (EN), er lappspurv funne oppe i fjellområda og hubro nede i område ved fjorden. Det fleire observasjonar av sårbare artar (VU) som grønfinke, granmeis, gulspurv, hønehauk og jaktfalk. I kategorien nært trua (NT) fugleartar er det mange observasjonar registrert. Det er gråspurv, taksvale, gauk, raudstilk, heilo og stare.

Sjøfugl

I Artskart er det tre registreringar av den kritisk trua arten hettemåke, tre stader i Nærøyfjorden og to i Aurlandsfjorden. Av sterkt trua (EN) artar er makrellterne registrert. Bergand, dvergdykker er registrert både ved fjordane og i vatn oppover dalføra. Det er mange registreringar av sårbare (VU) fugleartar, som fiskemåke og gråmåke. Av nært trua (NT) fugleartar er det observert tjeld, storskarv, havelle og teist.

(Bollingberg, Dale, Paetzel, & Nilsen, 2022) skriv særskilt om sjøfugl i fjordane:

«Dei trua sjøfuglane hettemåke, gråmåke og fiskemåke er alle registrert i Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden (artskart.artsdatabanken.no). Det er kjent at det er en nasjonal tilbakegang i sjøfuglbestandane. Men for sjøfugl i områda rundt Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden er ikkje denne trenden kjent. Det bør undersøkjast nærare kva slags habitat og næringsval desse artane nyttar lokalt, og korleis utviklinga er for desse».

Landpattedyr

Tal på pattedyrartar i Noreg er 94. Raudlista for pattedyr for fastlandsdelen av Noreg er basera på ei vurdering av 71 artar og av dei er 27 raudlista.

Villrein


Store delar av fjellområda i Aurland er leveområde for villreinen. Villreinen er sårbar for menneskeleg inngrep og aktivitet av alle slag, og difor er forvaltninga av desse områda og utfordrande. Villreinen har Noreg eit særskilt ansvar for, av di landet har dei siste villreinstammane som er att i Europa. Villreinen kom i 2021 inn på raudlista over trua artar (NT).

Villreinen lev i flokk og har ein levealder på inntil 18 år. Den har eit nomadisk levesett og vandrar over større område mellom ulike årstidsbeiter. Utbreiing er i delar av Europa, Asia, Nord-Amerika, Svalbard og Grønland. I Noreg er villreinen å finna berre i fjellområda frå Sør-Trøndelag og sørover. Om vinteren er 40-80 % av maten lav frå bakken og frå tre. Resten er turt gras, urter og buskvekstar. Om sumaren et reinen urter, gras, dvergbusker og noko lav (Norsk villreinsenter, 2022).

I Noreg er det 24 forvaltningseiningar for villrein, der 3 av dei er representert i Aurland. Det er nummer 10, Fjellheimen, nummer 11, Nordfjella, og nummer 24 Raudafjell. Nummer 7, Hardangervidda ligg inntil kommunegrensa. Villreinens leveområde i Noreg er under aukande press som følgje av samfunnets arealbruk og menneskeleg ferdsel i og omkring fjellområda.

Skrantesjuke (Chronic Wasting Disease, CWD) vart påvist på rein i Nordfjella i 2016 og i 2017 på hjort. Dette er ein såkalla prionsjukdom som i fleire tiår ha vore kjend hjå hjortedyr i Nord-Amerika. Kjenneteikn på sjukdomen er gradvis tap av nerveceller i hjernen, nevrologiske symptom og avmagring, og det endar alltid med at dyret dør. Landbruks- og matdepartementet vedtok å ta ut heile stammen og leggja området brakk i 5 år etterpå (Aurland kommune, Hemsedal kommune, Hol

kommune, Lærdal kommune, Ulvik herad og Ål kommune, 2021). Reetablering har vore drøfta og ein har stilt spørsmål om når området er «friskmeldt», kor reinen skal hentast frå med omsyn til smitte og bevaringsbiologi, dyrevelferd ved flytting av rein, med vidare.



Kjelde: villrein.no

Oversiktskartet over villreinområde over viser (brungul farge), at store delar av fjellområda i Aurland er leveområde for villrein.

Hjort

Hjorten er vanleg i store delar av Europa og Nord-Amerika. I Noreg har utbreiinga av hjort auka kraftig i Noreg. Hjorten er nest størst av hjortedyra, etter elg.

Hjorten er ein «mellombeitar» som tyder at den er middels selektiv i val av beite. Han vel ferske og saftige plantar framfor eldre og turre. Den beiter difor på mange ulike plantar og i ulike type vegetasjon. Artar som smyle, kvein, svingel og blåtopp er aktuelle beiteplantar. Vidare kvitveis om våren og seinare stormarimjelle, tepperot og gauksyre. Skot frå buskar og tre er og viktige. Om vinteren er kosten meir vedrik, med meir fiber i gras og urter, men og røsslyng og andre lyngartar. Når mengda med snø aukar, vert kosten meir buskar og kvistar frå tre. Hjorten gneg bark heile året, men mest vinterstid, og det kan og gå utover frukttre, rogn, selje, kristtorn, furu og gran. Dyra sparar energi og nyttar små areal om vinteren.

Einskilde hjortar er stasjonære heile året, medan andre har kortare eller lengre vandringar mellom sumar og vinterbeiter. Om vinteren er dei gjerne i låglandet eller ved kysten, der det er mindre snø.

Såleis kjem dyra over vegane og kan medføre trafikkfare på den årstida. Det kan vera store flokkar på innmarka på våren, der dei beiter det fyste som gror. Så trekk dei opp i terrenget etter som snøen forsvinn, til liene for å finna den ferskaste maten (Hjortevilt, 2022). I Aurland kan jaktuttaket av hjort variera frå år til år, men ligg mellom 180-300 dyr.

Elg

Det finst elg i skogane i Aurland, men elgen er i hovudsak å finna i skogsområda på austsida fjella og opp til og med Nordland. Eit overvakingsprogram for hjortevilt har sett på bestandane av elg frå 1991-2021 og sett stor variasjon av bestandstettheit og bestandskondisjon (Solberg, et al., 2022). Nedgang i bestandar har dei sett i dei tre sørlegaste områda i landet.

Rådyr

Rådyr er i nokon grad å finna i Aurland og er vårt minste hjortevilt, rekna som ein nykomar i norsk fauna i Østfold frå rundt 1900. Særskilt kjenneteikn ved rådyret, er at det har brunst om sumaren, og har det ein kallar forsinka implantasjon eller fosterutvikling. Egget vert liggjande i dvale til det blir festa til livmora i ved nyttårstider og startar fosterutvikling. Rådyret får 1-3 kalvar, til vanleg frå midt i mai til midt i juni.

Bukkane startar å hevda revir så snart snøen forsvinn, og held fram til august. Rådyret sine naturlege fiendar er raudrev og gaupe. Rådyret er sårbart i tunge og kalde snøvintrar, noko som i seg sjølv avgrensar bestanden.

Jerv

Jerven er ein sterkt trua art (EN) og er i nokon grad å finna i fjellområda i Aurland. Jamfør Artsdatabanken (2022) har jerven ein sirkumpolar utbreiing i Nord-Amerika, det nordlege Europa og Asia. Jerven i Noreg lev i fjellområda frå Møre og Romsdal, Hedmark og nordover. Jerven er en solitær art og hevder revir som den forsvarar mot artsfrendar. Jervens viktigaste byttedyr er rein, men den nyttar ofte kadaver av byttedyr drepne av andre rovdyr eller som har døydd på andre måtar. Jerven hamstrar mat som kan nyttast gjennom en heil vinter. Hodyret får kull fyst ved 3-5 års alder og tek alene hand om kulla, som består av 1-4 ungar.

Jakt er den viktigaste negative påverknadsfaktoren på bestandsutviklinga av jerv i Norge. Jerven reagerer også negativt på menneskeleg forstyrning innanfor sine heimeområde. Stortinget har vedteke eit bestandsmål på 39 årlege ungekull av jerv, som tilsvarar omtrent 250 individ > 1års alder. Bestandsmålet er sett for å redusera tap av sau og tamrein forårsaka av jerv, og bestanden regulerast med lisensfelling, skadefelling og ekstraordinære uttak for å ligge ner målet.

Ulv og bjørn

I Artsdatabanken er det ein observasjon av ulv, ein art som er kritisk trua (CR) i Noreg. Ulven er eit skogsdyr og er i Noreg fyst og fremst å finna i Innlandet og nedover i skogane langs riksgrensa. I desse områda vil dette i tilfellet vera streifdyr. Bjørn har og vore nemnd sett i kjeldene.

Mindre pattedyr

Av mindre pattedyr er det registrert observasjonar av fjellrev, raudrev, røyskatt, klatremus, krattspissmus, markmus, fjellmarkmus, snømus, skjeggflaggermus, lemen, ekorn, hare og ein framandart, mink. Mår er og nemnt i ei kjelde.

Sjøpattedyr

Sjøpattedyr er pattedyr som lev i og hentar sin føde frå sjøen, men som alle andre pattedyr er dei varmblodige, har lunger og pustar luft. Dei føder levande ungar som er avhengige av melk frå mora inntil dei er tilstrekkeleg utvikla til å fanga sin eigen mat.

Steinkobbe

I Artskart er det registrert observasjonar av steinkobbe i alle delar av fjordsystema i Aurland. Steinkobben har eitt av dei største utbreiingsområda av alle selartane våre. Dei finst heit frå Sør-Europa i Atlanterhavet og California i Stillehavet til arktiske område. Steinkobben er ein kystnær sel som ofte samlast i små grupper når dei kvilar på skjer eller strender (Norsk polarinstitutt, 2023).

